


Osingen

Lokalhistorisk årsskrift 2010
Utgjeve av Os Mållag
26. årgang



I dette nummeret kan du lese:

Trollbunden av
Lysøya s. 3



"Houston, we've
had a problem" s. 21



Pernille – moterevolu-
sjon på Osøyro s. 18



Luftige sjev ved OS
Mc&Mx Klubb s. 8



Osingen

Utgjeve av Os Mållag

Innhald

Trollbunden av Lysøya..... s.	3
Luftige svev ved OS Mc&Mx Klubb..... s.	8
Fram frå gøymsla..... s.	12
Steindalsætra s.	14
Kåre og Ålaug Herdlevær s.	15
Barnesider s.	16
Pernille – moterevolusjon på Osøyro s.	18
“Houston, we’ve had a problem” s.	21
Lause blad frå ei lektoral minnebok..... s.	26
Vangsgutane - eit 70-årsjubileum s.	28
Når det siste lauvet fell s.	30
Målpris til Kjetil Vasby Bruarøy..... s.	34
Credo s.	35

Pris kr. 50,-

På framsida William Havsgård og Marco Matre.
Foto framside: Kjetil Vasby Bruarøy.

Til lesaren

Når novemberljuset hyllar dagane inn i pastell, og nattemørkret kjem sigande på tidlege ettermiddagar, er Os mållag ute med nytt årsskrift. Like sikkert som at lauvet fell.

Det er eit kvart hundreår sidan fyrste bladet kom ut, og framleis har me mykje godt lesestoff å by på.

Gjennom Mari Lyssand sin strålande artikkel om Lysøya kan du ta del i noko av historia rundt etableringa av Ole Bull sin Lysøen og bli betre kjend med mennesket bak fiolinen.

Frå livet i gamal tid har Anders Hauge skildra kvardagsheltar frå bygda vår. Me får òg ein god artikkel om den kjende og kjære teikneserien Vangsgutane.

Ein som verkeleg har sett spor etter seg langt utover landegrensene, er den utflytta osingen Alfred Lunde som m.a. deltok i redningsaksjonen til Apollo 13. Her får de innblikk i ei særspanande historie, ført i pennen av Terje Bøthun.

På 70-talet kom det ein moterevolusjon til Os gjennom etableringa av Pernille. I levande ordelag tek Hildegun Nordstrønen oss med tilbake til denne tida, saman med bilete både av gamal og nyare dato!

Os er sett på Noregskartet igjen, no gjennom imponerande resultat innan sporten motocross. Me har vitja Os Mc&Mx Klubb og gjev i bladet ei dagsaktuell skildring av både sporten og menneska.

Lars Hernes fortel med humor og snert om korleis livet er for ein pensjonert lektor, og i tillegg er me heldige og får lyriske vers frå den same pensjonerte karen! Det er òg høve til å oppleva asiatiske søskenkjærleik gjennom ei nydeleg novelle frå gymnasiasten Camilla Økland Olsen.

Prisar har vorte delt ut til yngre og eldre nynorsk-skrivande personar i bygda, og dette er sjølv sagt markert i bladet vårt.

Me takkar ALUTEC som i år er hovudsponsoren til Oasingen. Det er vel verd å merka seg annonsen på baksida av bladet! Me er glade for at lokalt næringsliv og foreiningar er med og støttar arbeidet med å oppretthalda Oasingen. God nynorsk lesing ønskjer me deg i dei lune vinterkveldane.

Skriftnemnda



Nynorsk arbeidsglede

Foto: Tom Nordstrønen

Trollbunden av Lysøya



Tekst: Mari Lyssand

I 1872 var Ole Bull på jakt etter tomt til eit nytt sommarhus. Det måtte ikkje vera altfor langt frå Bergen, samstundes var det viktig for han å vera omgjeven av vakker vestlandsnatur. Den perfekte staden fann han i Os.

Ein gamal ven av Ole Bull, Nicolay Nicolaysen, hadde same år overteke Lyse Kloster gods, og var i ferd med å selja ein del av godset sine enorme eigedommar. Ole Bull fekk kjøpa Lysøya for 600 spesidalar, og var dermed lukkeleg eigar av 700 mål vestnorsk idyll. Han var utolmodig etter å syna herlegdomen fram for Sara, den 40 år yngre amerikanske senatordottera han hadde gifta seg med to år før. Han var overtydd om at ho òg kom til å bli bergteken av landskapet og stemninga. Kort etter



at han hadde kjøpt øya, skreiv han til Sara som var i USA med den eitt år gamle dottera deira, Olea:

Hvor jeg lengter etter Norge, etter Lysøen! Kjente du skjønnheten som hviler over Clostrum vallis lucidae ... ville du også lenges mot egnen. Jeg har aldri sett noe


som tryllebinder meg slik. Så storslaget – så yndig, så bedrøvet og så fylt av fryd. Jeg kan ikke forklare det. Sikkert er det at atmosfæren der har en sjelden sjarm, skogene, stiene, tjernene er så variert i sitt uttrykk... Men de store utsynene fra fjellene må du vare deg for, ellers vil de overvelde deg! Disse utsynene som får meg til å føle takknemlighet mot Gud, og til å gråte i bønn for alle fiender og venner.

Superstjerne og målmann

Ole Bull var no 62 år gamal, og dei siste fire tiåra hadde han turnert som internasjonal superstjerne. Han var ein av dei største fiolinvirtuosane i samtida, kjent for briljant teknikk, ein varm og vakker tone, og ein spelestil inspirert av italiensk bel canto så vel som norsk folkemusikk. I tillegg hjalp det sjølvsagt på stjernestatusen at han var ein høgreist, vakker og sjarmerande mann.



Gamletunet.



Ole Bull.

I mållagssamanheng blir han ikkje mindre attraktiv av at han støtta målsaka. I november 1869 var Ole Bull og Aasmund Olavsson Vinje æresgjester på eit møte i det nokså nystifta Vestmannalaget i Bergen. Der talte Ole Bull om kor viktig det var å skapa eit norsk språk, utan å låna frå Danmark.

Vendt mot bygda

På Lysøya fekk Ole Bull bygd ein sommarheim til Sara og Olea. Tårnet med løkkuppel, den intrikat dekorerte verandaen og den store trappa gjev huset skin av eventyrslott. Den nordvende hylla der han valde å reisa villaen har ikkje kveldssol, men ligg til gjengjeld lunt for vestavinden. Når Ole Bull og familien ønskte seg kveldssol eller store utsyn, var det ikkje lange spaserturen på kvite, skjelsanddekte stiar før utsynet opna seg frå grå, vêrskurte svaberg mot den vide horisonten i vest. I 1903 fekk Ole Bull sin amerikanske svoger Joseph Thorp Jr. bygd eit utsiktstårn på det høgste punktet på øya, 76 m.o.h., til minne om Ole Bull.

Ole Bull bestemte at spaservegane skulle vera halvannan alen breie (ein meter). Han var òg oppteken av at det ikkje måtte hoggast fleire tre enn strengt naudsynt. Alle som spaserte på øya hans skulle ha kjensla av å vera i naturen, ikkje i ein strigla park. Stiane slyngjer seg rundt Heimavatnet og Lysevatnet, til lysthusa Furulunden og Udsigten, og ned til gamletunet som med sine smålåtne, raude bygg – stovehus, bu, lœ og naust – er ei påminning om korleis røyndomen såg ut for den jamne vestlending på 1800-talet.

Sterke ryggar

Ole Bull fekk bygd til saman 13 kilometer med stiar på draumeøya si. Eit sikkert vårteikn i Lysefjorden i våre dagar er den svære haugen med skjelsand på Storekaia på



Sara og Ole Bull si einaste dotter, Olea, døydde i 1911. Dottera hennar, Sylvea, var dermed berre fire år gamal då ho arva Lysøen. Sylvea vaks opp hos familien Shapleigh i USA. Her er Sylvea fotografert på Lysøen saman med Abbie Shapleigh, ca 1912-13. Foto: Museet Lysøen.

Lysøya. No for tida blir sanden køyrt rundt på øya med traktor, og lagt i haugar. Deretter har mellom andre Os Turlag og Os Rotary sin tradisjonelle vårdugnad, der dei rakar sanden utover og gjer stiane klare til ein ny sesong. Før traktoren si tid var det sterke, unge menn frå Lysefjorden som gjorde jobben. Dei bar sanden rundt på øya i kiper. Det var ein stor jobb, som bidrog til at mange fekk litt ekstra pengar i lomma.

Musikk til arbeidet

Ein annan osing som tente gode pengar sommaren 1873 var Annanias Tveit. 26 år gamal fekk han jobben med å måla den nybygde villaen til Ole Bull. Målaren blei køyrt med hest og kjerre frå Hegglandsdalen til Lysefjorden søndagskvelden. Han budde på øya heile veka, og reiste heim til Tveit og helste på familien laurdag ettermiddag.

Det gjaldt å nytta tida, og så sant det ikkje var for mykje dogg byrja han gjerne måla klokka fem. Då oppdaga målaren frå Tveit at han var ikkje den einaste som var tidleg oppe. Medan Annanias sto på stigen om måla, vandra Ole Bull rundt i

musikkhallen og øvde, før nokon andre i villaen var stått opp. Han var verkeleg heime hos seg sjølv, og heilt avslappa, for antrekket var fast: Lange underbukser, og berre det.

For Annanias Tveit var det ei stor oppleving å høyra Ole Bull spela. Riktig nok trakterte far hans hardingfela, men klassisk fiolin var nytt for han, og Ole Bull var den største av dei alle. For Ole Bull sjølv må desse morgonane med diskret einmannspublikum på stige ha vore ein velsigna kontrast til all viraken som blei han til del alle andre stader.

Tre tiår seinare, då Annanias Tveit var etablert som ein av dei viktigaste rosemålarane i Osbygda, var meisteren frå Hegglandsdalen attende på Lysøya. Oppdraget denne gongen var å dekorera barnerommet til Ole Bull sitt barnebarn, Sylvea.

Fest til fjells...

I 1875 hadde Ole Bull besøk av forfattern John Paulsen, som seinare skreiv om besøket på Lysøen i blømande ordelag. Han meinte at inne i Ole Bull sin musikkhall kunne ein fort tru at ein var i Alhambra, «...men kast så



Sandberarar

Ole Bull fekk laga om lag 13 kilometer med skjelsanddekte vegar og stiar som slyngjer seg rundt på øya. Skjelsanden kjem med båt til Storekaien, og før det kom traktor på øyen blei sanden bore i kiper rundt på veiene. Her ser vi et lag med ungdomar med tunge borer på veg opp mot utsiktstårnet våren 1934. Frå venstre: Engel Balland (f. 1904), Bertin Balland (f. 1910), Edvard Søviknes (f. 1912), Knut Bakervik (f. 1914), Rikard Sperrevik (f. 1911), Johs. P. Drange (f. 1915), og Ole J. Drange (f. 1916).

Foto: Lilly Lund / Utlånt til Museet Lysøen av Alfred og Gudrun Sperrevik

Blikket gjennom de høje Vinduer: thi der vil man møte et så ægte norsk panorama, som nogen Kraft-Patriot kan ønske seg».

Jonsokfeiringa i Lysefjorden i 1876 hadde eit sus av den store verda over seg, og meir enn ein lysefjording må ha kjent seg som ein Kraft-Patriot. I strålende vēr la ei feststemt forsamling i veg frå kaien på Buena, opp Smeabakken, gjennom

Lysekloster og oppover liene til Lyshornet. Med i følget var Ole Bull og gjestene hans, bygdefolk, unge som gamle, og både spelemann og tambur. Nokre ungdomar bar med seg ein gamal færing som var kapp i to, den skulle bli jonsokbål på toppen.

Feiringa varte til langt ut i dei små timar, og ungdomane dansa både springar og vals. Så, omsider, pakka

Ole Bull opp fiolinen. Festlyden fekk oppleve at Ole Bull sto der – midt blant dei – med sølv i håret, gull i tonen og diamanthane lynande frå felebuen. Midt i lyngen fekk dei høyra musikken som begeistra blaserte publikum i europeiske og amerikanske storbyar. Berre eit halvår før hadde Ole Bull spelt Sæterjentens Søndag på toppen av Keopspyramiden. Men nett no var han her, intenst til stades i Lysefjorden, og spelte for og med vener og naboar.

... og fest på Lysøen

Dei åtte somrane han fekk på Lysøya, var sosiale somrar. Familie og vener kom på besøk og blei gjerne verande ei stund, folket frå Lysøen var hyppig både i selskap og spontane visittar hos familien Nicolaysen på Lysekloster gods, og Nicolaysens var på øya hos familien Bull.

Invitasjonane som gjekk mellom Lysøen og Lysekloster er lystig lesnad. I eit lite brev til fru Anna Dorothea Nicolaysen skreiv til dømes Ole Bull

*Kjære Frue,
Det blide Sollys, Frøken Ellen og
Indrulleringschef Anders Bulls
glimrende nærværelse, indgyder
Undertegnede Mod at bede
Dem, frøken Vibeke og frøken
Hanna Sagen at tage tiltakke
med en tarvelig middag og tolv
Stykker Smorrebrød!
Baad og Mandskab vente med
Længsel og ikke mindre Deres
hengivne*

Ole Bull

Den siste sommaren Ole Bull verkeleg fekk nytta på Lysøen var sommaren 1879. Ifølgje biografien Sara skreiv om han var denne sommaren den lukkelegaste han opplevde i Noreg.

I 1879 ville Ole Bull gjenta suksessen med å feira jonsokafta på toppen av Lyshornet saman



Utsyn mot Lysøden og Mortholmsosen

med bygdefolket. Diverre var dei langt frå like heldige med vêret det året som dei hadde vore i 1876. Skodda låg tungt nedover fjellsidene, og fjelltur freista ingen. Men Ole Bull lét ikkje vêret stå i vegen for ein fest. Han inviterte like godt heile bygda på jonsokfeiring på Lysøya. Dermed fekk mange av dei som hadde utsyn til villaen frå stoveglaset heime omsider høve til å koma inn og sjå korleis Ole Bull hadde det heime. Dei må ha vore mildt forundra over det dei såg. Mauriske bogar, marmorpeisar, enorme speglar og farga glas i vindauga var ikkje kvardagskost. Den kvelden fekk bygdefolket oppleve noko som ikkje blei mange forunt, dei fekk høyra Ole Bull halda konsert i hans eigen konsertsal. Det skulle bli siste året han fekk feira jonsok i Os.

... so verdskjend...

Ole Bull og familien budde i USA om vinteren, og reiste til Bergen kvart år til 17. mai. Men i 1880 nådde ikkje Ole Bull nasjonaldagsfeiringa i fødebyen. Dei kom ikkje heim til Noreg før langt uti juli, og då han kryssa Atlanteren var det stikk i strid med råd frå legane. Ole Bull var svært sjuk då han nådde Bergen, men insisterte på å reisa til Lysøen. Etter kort tid der var helsa hans så dårleg at han måtte halda senga.



Barnerommet

Ola, Ola og Ola var der før Ole

Ole Bull var langt frå den første som hadde late seg bergta av den vakre, 700 mål store øya. Bruket på øya blei rydda i 1670, dei første brukarane var Jon og Brita Lysøy. Det var nok ikkje naturromantikk som kalla dei til Lysøya, slik luksus kunne ein ikkje tillata seg. Trange tider i bygda kravde nyrydding, og på Lysøya blei dei leiglendingar under Lysekloster gods. Jon og Brita hadde ein son, fødd same år som dei flytta til Lysøya. Som eit frampeik mot øya sin seinare historie heitte guten Ola. Det same heitte to av brukarane på 1800-talet.

Busserull frå Buena

Frå 1872, då Ole Bull kjøpte øya, var Jon og Magdalena Sælen, seinare Øvreeide, leiglendingar på Lysøya. Dei hadde nokre dyr og dreiv fiske, og Jon bidrog litt i byggjearbeida på villaen. Det var effektiv bygging. Medan Ole Bull var på turné var 30 mann i arbeid, og første del av huset er bygd i løpet av eit år. Eine dottera til Jon og Magdalena, Kristi, oftast kalla Mosto, var fem år då familien kom til Lysøya. Ho kunne hugsa at ho fekk sitja på fanget til Ole Bull då familien ein gong blei invitert opp på kaffibesøk i villaen, og Magdalena var så stolt av Jon som var så stilig. Ho hadde sydd busserull til han av kvite mjølsekkar som ho hadde kjøpt av handelsmannen på Buena.

Lysøen er staden for kontinuitet og lange linjer. I dag er

oldebarnet til Jon og Magdalena, Trond Søviknes, del av den trufaste staben som står for stell og vedlikehald av både villaen og øya.

Bakervik/ Eidsvik

I 1876 flytta Jon og Magdalena til Øvreeide, og Haldor Jonson Nordvik frå Fana blei gardsstyrar for Ole Bull. Han blei verande i 30 år, følgt av Karl Haldorson Lysøy, som var styrar til 1910. Då overtok Jørgen Bakervik, som i første omgang hadde jobben i sju år. Alt som tenåring hadde Jørgen vore med på å leggja vassleidning fram til villaen, på oppdrag frå dotter til Ole Bull, Olea Bull Vaughan. Då hadde far hans, Knut Bakervik, alt lang fartstid på Lysøya. Han var med på å byggja grunnmur til villaen i 1872, og rydja stiar på øya på 1870-talet.

Etter Jørgen sin første periode som styrar for Ole Bull var Berge Monsson Gjervik paktar på Lysøya i 17 år, før Jørgen Bakervik kom attende. Etter Jørgen blei sonen Knut Eidsvik oppsynsmann på øya. Han heldt skogen og såg til villaen i mange år for siste eigaren, Ole Bull sitt barnebarn Sylvea Bull Curtis.

Den einaste osingen som ber namnet Lysøen i dag er Karla Lysøen Særvold (f. 1916). Ho har mellomnamnet etter mor si, Kaja, som var fødd på Lysøya i 1879, som dotter av paktaren Haldor Johnson Nordvik og Malena Hansdotter Krokeide.



I Ossoga, der forfatteren Nils Tveit elles har utbrodert mangt og mykje i fargerik detalj, er avsnittet om Ole Bull overraskande kort. Alt som står er dette:

Ole Bull er no so verdskjend og det er skrive så mange tjukke bøker um han, at me treng ikkje nemna noko um han her. Han døydde på Lysøy i 1880.

Han døydde i musikkhallen sin den 17. august, 70 år gamal. Han hadde ein kvast av yndlingsblomen sin, røsslyng, i hendene då han døydde. Gravferda til Ole Bull gjekk frå Lysøen til Assitentkirkegården ved Stadsporten i Bergen. Samla rundt båra i musikkhallen var enka Sara, berre 30 år gamal, den ni år gamle dottera Olea, annan familie, Ole Bull sine nære vener, mellom dei Edvard Grieg, offisielle representantar frå Bergen, og bønder frå

Kjelder:

- Carl O. Gram-Gjesdal: *Lysøen – variasjoner over et vestnorsk tema* (1972)
- Lars Skorpen: *Rosemålarane. Ei slektskronike* (2006)
- Trond Indahl: *Villa Lysø* (2010)
- Nils Tveit: *Ossoga band II*
- Harald Herresthal: *Ole Bull. Drømmen om udødelighet* (2010)
- Museet Lysøen sitt arkiv
- Berit Hogheim, *Museet Lysøen*
- Kjersti Krokeide og Mari Lyssand: *Kåseri om Ole Bull i Lysefjorden* (2008)

Lysefjorden. Ein av lysefjordingane som var med og bar kista frå villaen ned til dampskipet Kong Sverre, var Jon Søvik, tippoldefar til dagens Jon Søvik. Det byrjar bli lenge sidan det gylne skjæret frå krystallysekrunene lyste opp seinsommarkvelden på Lysøen. Men minnet om Ole Bull lever på Lysøya, og i jubileumsåret 2010 har mange fleire fått høve til å se seg trollebinda av stemninga og naturen som bergtok Ole Bull i 1872.

Lysøen etter Ole Bull

Ole Bull si enkje Sara og dottera Olea sytte for at både villaen og øya blei teke godt vare på. Dei tok jamleg turen frå USA til Lysefjorden fram til dei døydde i høvesvis 1910 og 1911.

I 1905 fekk Olea bygd på ein tredje etasje i vestenden av villaen, med arkar og utspring. Samstundes fekk ho lagt inn bad i alle tre etasjar, med noko dei færraste i Osbygda kunne drøyma om: både varmt og kaldt vatn i springen. Frå badekara er det storslått utsyn mot fjorden og Lyshornet.

Olea si dotter Sylvea arva Lysøen i 1911. Ho budde i USA heile livet, men brukte villaen som sommarhus fram til 1973, då ho donerte øya med alle bygg til Fortidsminneforeningen. I mange år blei drifta av Lysøen ivareteke ved hjelp av ein enorm innsats frå ei gruppe frivilljuge som til saman la ned mange årsverk i Lysøenutvalget.

Det er framleis Fortidsminneforeningen, avdeling Bergen og Hordaland, som eig Lysøen, men i dag er det Kunstmuseene i Bergen som står for den daglege drifta.

Takka lysefjordingane

Under ein minnekonsert på Lysøen i 1980, hundre år etter at Ole Bull døydde her, takka Sylvea og folket i Lysefjorden for at Lysøen hadde blitt så godt teke vare på. Slik er det enno. Mange i Lysefjorden held auge med huset og øya. Dei lokale er framleis Lysøen si beste forsikring. Slik driv lysefjordingane, som dei har gjort i alle år, eit viktig kulturvernarbeid. Museet Lysøen, med villaen, landskapet og forteljinga om Ole Bull, er ein sentral lekk i arbeidet med å halda minnet om Ole Bull levande, lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Takk vere Ole Bull sine arvingar, samvitsfulle oppsynsmenn og trufast lokalbefolkning er Lysøya framleis ei perle, med sine 700 mål vakker kystnatur. Naturen og villaen blir stadig brukt med vordnad av dei mange tusen som kvart år vitjar villaen, eller som kjem i land for å nyta stilla, lyset, og den særeigne sjarmen som Ole Bull skreiv så begeistra om i 1872.

Luftige sjev ved OS Mc&Mx Klubb

William Nygård og Marco Matre i sjevet.



Tekst: Barbra Røttingen

Det er ein våt og haustleg tysdagkveld i Os. Både Liafjellet og Møsnukjen er gøymde bak låge skyer. Ein typisk kveld for innekos vil mange seia. Men ikkje alle. I området over Sigurdsvikjo ved Ulvenvatnet høyrer ein motorlyd som minnar om hissige kvepsar. Det er trening i Os Mc & Mx Klubb. I litt feil skotøy for oppgåva stig to personar frå Osingen ut av bilane for å vitja klubben. Her er born og ungdom i alle aldrar, men av same kjønn... Mellom vasspyttar og grus og i drakter i alle regnbogefargar går dei. Eller fresar dei rundt på to hjul. Dette er Mx sport. Og det gjer inntrykk! Brått ser ein at den eine Mx køyraren har mistenkjeleg langt gult hår som fløymer nedover ryggen. Ei jente? Ja,- det er det, og ho racer rundt på ein diger sykkel med alle karane! Det er og ei mengd meir tilårskomne

folk her,- foreldre som vigslar store delar av fritida si på å følgja opp sine håpefulle i denne fascinerande sporten.

Tilbakeblikk

Os Mc & Mx klubb starta i 1982. Det var den gongen ein liten organisasjon med undommar i alderen 16 til byrjing av tjuåra. Dei hadde eit lite hus på same tomte som no, der dei møttes. For ca. 6 år sidan tok motocross, seg opp i klubben. Det starta med at ungguten Remy Matre kjøpte seg sykkel for konfirmasjonspengane sine. Far hans, Jarle Matre var med han, og dei vart begge «hekta» på denne sporten. Fetteren til Remy, Fredrik Espeland kjøpte seg og sykkel for konfirmasjonspengane, og mora Jane stilte opp. Fleire medlemmar kom til og mange av foreldra stilte opp som medlemmar i styret og som støttespelarar i omfattande dugnadsarbeid på området. Elisabeth Dahl vart leiar av styret og dei siste fem åra har det skjedd ein eksplosiv auke i medlemstalet. I dag er Nils Skeie styreformann. Medlemstalet

er på heile 170 personar. Og klubben har hevda seg på nasjonalt plan,- Os Mc & Mx Klubb er på få år kome med i Noregseliten!

Mc og Mx, kva er forskjellen?

Dersom det skulle vera nokon som er i tvil,- Mc er ein motorsykel for landevegen, i tillegg til Road racing,



Pappa Rune klar til å sleppa Kamilla avgarde.

som er racersport på stor bane. Mx er ein motocrosssykkel som er spesiallaga for motocrossbaner og er ikkje lovleg å køyre med på landevegen.

Det er i dag berre 2-3 medlemmer i klubben som køyrer Mc, men dei har likevel vald å behalde namnet som Os Mc & Mx Klubb, sidan det heile starta som ein Mc klubb.

Draktene

Draktene som utøvarane brukar, er svært fargerike. Sjølv om dei ser svært «kuule» ut, er det tryggleiken som står i fokus. Draktene er godt polstra, og dei har ryggskinne,



Jane Espeland, alltid ivrig tilstades på trening.

brynje, kne - og albogevern. I tillegg brukar dei spesialsko, hanskar, hjelm og briller. Det siste nye er nakkekrage, som og ein del no har investert i.

Ja, for ei investering er det å skaffe seg skikkeleg utstyr for denne sporten. Ei ny drakt kostar mellom 1500 og 2000 kroner. Sko har ein pris på 2000 til 3500, og ein god og sikker karbon-hjelm må ein gje 3000 for. Det fine er at etter kvart som ein veks ut av draktene, vert dei selde innbyrdes i klubben til redusert pris. Dette hjelper godt på å halda kostnadene på eit lågare nivå.



Matre-trioen Marco, Stian og Remy.

For å ta vare på dei livsviktige draktene må dei vedlikehaldast. Dei må spylast og vaskast etter kvar gong dei har vore i bruk, og det er lett å skjønna når ein ser kor sanden sprutar rundt dei der dei fyk av garde på sine to hjulingar! Det seiest at ein viss familie med 4 aktive karar har slite ut opptil fleire vaskemaskiner!

Syklane

Når ein startar med denne sporten som liten, vil den første sykkelen vera 50 ccm. Den kostar ny ca. 15-20 000 kroner, men ein får gjerne ein brukt sykkel til 10-15 000. Etter kvart som ein veks til, vert det behov for stadig større sykkel, først 65 ccm, så 85/150 og etter ein er fylt 14 år kan ein køyra 125 ccm totakt eller 250 ccm firtakt eller 450 ccm firtakt. Ein 450 kostar mellom 60-70 000. I løpet av ein 5 års periode har dei beste aktive utøvarane ein sykkel i året. Syklane må vedlikehaldast heile tida, for dei får hard medfart! Ein regel er at ein skal skru like mykje som ein køyrer!! Olje og vask er ein kontinuerleg prosess, medan større reparasjonar vert gjort etter timeteljar.

Kor tidleg kan ein begynne?

Ein kan begynna med denne sporten når ein er 5 år. Ein foreldre eller foresett må alltid vera med utøveren på ei Mx trening fram

til han er 16 år. Det forklarar det imponerende talet foreldre som vart observert under treninga denne tysdagskvelden.

Meistring av høg fart i svingane og over hoppa er eit viktig suksesskriterium for å hevda seg i teten i denne sporten. Når ein ser på aldersgrensa og farten, er det lett og tryggjande å forstå kravet til deltaking frå dei vaksne.

Familien Mx Matre

Blant alle medlemmane i klubben har me ein heil familie. Familiefar Jarle Matre er aktiv og har med seg alle tre sønene sine, Remy, 22 år, Stian, 20 år og Marco 15 år. Siv, kona til Jarle køyrer ikkje, men er ein uvurderleg støttespelar for familien si store Mx- interesse. Me får samla dei tre livlege brøme, og her går praten lett. Dette er tre flotte, unge karar,- der alle er lidenskapeleg opptekne av fart og spenning på to hjul.

Remy, eldstemann, starta å køyre då han var 15 år. Den første sykkelen hans var på 125 ccm, og han innrømmer at han trente litt utan lov på bakkane heime. Det var då ein stor føremon å ha ein engasjert far som var lett å få med! Dei spleiste på ein større sykkel, på 250 ccm, og snart hadde Jarle kjøpt sin eigen 450!



"Den skal tidlig krøkes" - Storm Hjertholm Pedersen og Mattias Eide på trening.

Stian, den mellomste broren har totalt hatt 5 ulike sykklar. Han er nyleg kome tilbake i full aktivitet, grunna diverse skader dei to siste åra.

Remy har «berre» hatt eit armbrot i sin karriere.

Yngstebroren Marco starta i 9 årsalderen, og det har hatt sin klare føremon. I ein alder av 15 år har han hevda seg sterkt i toppen av Noregseliten, noko me stadig les om i lokalpressa.

- Er de ikkje redde?

- Nei, ikkje på trening, seier dei tre samstemde. Det at det går så fort, og at ein nesten ramlar, gjer at ein får eit skikkeleg adrenalinkikk. Og det er deilig!

- Når er de redde då?

- Ein kjenner det når ein står på startstreken saman med 30 andre som skal starta samstundes. Dei siste 5 sekund før startskotet går, vert det eit enormt bråk med fullt turtal frå alle syklane. Då er det «eit reint helvete» og ein lurar på kva som driv ein. Så er ein igang, og dei første metrane kjennes som i «slow motion». Men etter løpet har ein heilt kikk. Det er så moro. Ein klarer ikkje late vere å fortsetje, fortel brøne.

- Er de gode kamerater?

- Ja, på trening er me det. Men når det er løp, er me harde konkurrentar. Slik er det berre! Men denne sporten legg stor vekt på moral, det er

ulovleg å klippe/blokkere bevisst for ein annan, eller dytte/sparke. Det blir slått ned på med ein gong.

Me spør gutane korleis mor deira handterer at alle dei tre sønene hennar i tillegg til ektemannen driv med dette. Dei fortel at ho stiller veldig opp, og er alltid med, men akkurat når eit løp startar, då går ho inn i bubilten og vaskar. Dèt vert for tøft å sjå på.

Elles fortel dei at faren, Jarle, er til uvurderleg hjelp med å sjekke at syklane alltid er i god stand. Remy er og utdanna bilmekanikar, noko han får nytte av i vedlikehald av syklane.

- De er jo tre toffe karar, som driv med denne spennande sporten,- de må vel «dra mykje damer»?

Dei tre gutane ser på ein annan, smiler lurt,- og det er vel svar godt nok.

Dei yngste

Når me har stått og observert Mx-folka i fart, har me lagt merke til eit par kroppar som ser veldig unge ut. Ein far, eller ei mor held sykkelen ved startstreken, og før ein veit ordet av det, er ungen langt av garde. Me inviterer to små tøffingar til ein liten prat i klubbhuset etter treninga,- det er Storm på 7 1/2 år og Mattias på 6 år. Storm går i 3. klasse og har drive med sporten i 2 1/2 år,- altså starta han så fort han var gammal nok.

Han har hatt to 50 ccm sykklar og har no nettopp fått seg ein 65 ccm! Han seier at det er veldig kult å køyre og er berre litt redd av og til.

Mattias går i 1. klasse og hugsar ikkje heilt når han byrja, men det er visstnok eitt år sidan. Han har fått sin andre orange og svarte KTM sykkel. Når me spør korleis han får råd til dette, fortel han at pappa betaler.

- Er de aldri redde?

- Mattias fall på eit hopp ein gong og fekk vondt i foten, då vart han litt redd. Storm innrømmer at han har vore bittelitt redd av og til, men at det slett ikkje er noko problem.



Toff Mx-jente, Kamilla Espeland.

Kamilla og karane

Me har funne ut at racerkøyraren med det lange lyse håret var Kamilla Espeland. Me er heldige og får ein prat med henne og.

- Kor gammal er du, og kor lenge har du køyrt?

- Eg er 10 1/2 år og har køyrd sidan eg var 5 år. Når eg endeleg fekk begynna hadde eg venta i eit heilt år.

- Korleis visste du om denne sporten?

- Bror min, Fredrik, køyrer, og så har eg tre fetrar som er her.

- Har du hatt mange sykklar då?

Ho må tenkja seg godt om og telja på fingrane. Ho kjem snart fram til at ho nettopp har fått den femte sykkel sin,- ein 150 ccm! Den er utruleg mykje større enn den førre,- og det er mykje gøyare!

- Saknar du ikkje å vera med jenter?

- Jau, men eg har jo masse veninner



Mattias får god støtte av før start.

i klassen, men dei vil ikkje begynna med Mx.

- *Gutane her på klubben då?*

- Dei er kjempegreie og gode kamerater. Og så har eg fått meg ein besteven i Stavanger som heiter Tone Marie som óg køyrer. Me møtest ofte på stemne, og det er veldig kjekt. På sommarcup i år hadde me masse gøy.

- *Er det andre jenter i klubben her på Os?*

- Ja, det er ei til, men eg oppmodar jenter til å begynna med dette.

- *Heilt til slutt, Kamilla,- har du fått pokal nokon gong?*

- Eg har 25 pokalar i open klasse!

Drivkrefter

Ei av drivkreftene bak klubben er Jane Espeland. Ho er mor til Kamilla og Fredrik, og tante til Matre-trioen. Ho fortel med stor glød om livet rundt klubben. Ho har

ansvar for oppdatering av nettsidene til klubben, medan Merethe Lunde tek seg av Facebook. Jane er alltid til stades på treningane, som er tysdag, torsdag og laurdag i sommarhalvåret. I vintersesongen vert det for mørkt til å trene på ettermiddagane, men dei nyttar laurdagane heile året, dersom det ikkje er snø og is.

Dei har bygd opp eit nytt og større klubbhus, og er i ferd med å lage i stand ei kantine. Det krevst mykje vedlikehald av bana, noko som heller ikkje er gratis. Påfyll av sand er eit konstant behov, og sanden er dyr. Dei driv lotteri, lagar klubbgensarar og har inne sponsorar. Medlemsprisen er kr. 1000,- for familie. Når ein er fylt 16 år kan ein vera enkeltmedlem. Det koster kr. 500,- pr år. Os kommune eig området, bortsett frå eit lite område dei har fått bruke av yrkesskulen. Klubben fortel at ordføraren i kommunen vår har vore heilt fantastisk positiv og imøtekomande til klubben. Dette set dei stor pris på.

Risikosport?

Me må sjølvsagt koma inn på risikovurderinga, når me snakkar med ei mor.

- Tryggleiken står svært høgt i denne sporten. I klubben vår kjem alltid den først, og me har veldig lite skader. Me har gått førstehjelpkurs, og me held stort fokus på vedlikehald av bana, den må godkjennast med jamne mellomrom for at me skal få lov til å bruka den.

Når me spør om Jane er redd for

ungane sine svarer ho at det er ho svært sjeldan. Ein vert vane med det, og erfarer kor mykje tryggleikstiltak ein set inn. Dei fleste foreldre kjenner det litt i starten når ungen deira begynner med denne sporten, men det går seg fort til.

Miljøet i klubben

- Miljøet i klubben er heilt supert, seier Jane.

- Me er mange foreldre som er saman om dette. Stemninga internt i klubben vert til og med kommentert av andre klubbar når me er på stemne. Me bur saman på ulike stemne, me har felles bål om kveldane, med felles måltid og gode samtalar. Alle hjelper alle og dugnadsanden er stor. Me har ikkje så store banar, men er glade for den bana me har. Difor reiser me ofte på helgeturar til andre klubbar med større baner for å trene der. Det er kjempekjekt og svært verdifullt å bli kjende med andre klubbar.

Intervjua er unnagjort, fotografiapparatet er pakka ned. Det luktar nysteikte vafler og motorduren er vorte meir som ein stille bakgrunnsmusikk. Praten går rundt omkring. Nokre av dei store gutane spylar syklane sine etter endt trening. Storm og Mattias geispar litt, det byrjar å verta seint.

Dette har vore eit fantastisk møte. For ein entusiasme! For eit samhald! For ein klubb me har i Os!



Ein må tola både søle og fart....



....og våga luftige hopp.

Fram frå gøymsla.....

Under denne vignetten vil vi trekkja fram, minnast, mimra om personar og hendingar som er for verdifulle til at dei skal verta verande i gløymeboka.

Håttar du frøken Kronstad?

Gjekk du kanskje til Gino?

Framleis bur her mange i Os-krinsen som gjekk i skulen til ei av desse trauste og trottige lærarinnene som brukte heile livet på å gjera gagns menneske av ungane i Os. Dei er vel verdt ein epistel.

LERARINDENA



"Gino", Jørgine Bjånes

Fram mot 1900-talet var det ei veldig oppblomstring på dei fleste felt i landet vårt.

Frigjeringsprosessen som skapte sjølvtilitt og tru på egne krefter i 1814, hadde ei innebygd kraft i seg som rulla fram av eiga tyngd.

Den nyvunne fridomen, om han ikkje var særleg stor i førstninga, skapte ei visse om at også vi dugde som menneske og nasjon. Gjennom nasjonalromantisk musikk og målarstykke viste kunstnarane våre at vi hadde ein identitet som gjekk tilbake til "stordomstida" vår, og at vi "vare en nasjon vi med".

Økonomien for folk flest vart



Katrine Kronstad

betre, og parallelt gjekk ei politisk og sosial oppvakning og utvikling som har halde fram til denne dag.

Skulen var ein viktig del av – og ein føresetnad for – denne prosessen. Og skulen vart betre for kvart tiår som gjekk. Det var ikkje lenger godt nok med ein omgangsskule der den vart sett til lærar som ikkje dugde til å gjera militærtjeneste. Lærarane skulle ha utdanning. Lærarane var menn, sjølvsgagt, og mange var idealistiske og frilynde "målmenn, vinstremenn og kyrkjесongarar". Kvinnerørsla fekk støtt sterkare vind i segla, og brått var det



Tekst: Anders Hauge

utenkjelege mogleg: Også kvinnene skulle kunna få seg utdanning, mellom anna vart det rydda rom til dei på seminaret.

I 1885 gjorde så skulestyret i Os vedtak om å tilsetja ei lærarinna som kunne trø til i dei travlaste krinsane når behovet melde seg. Dei aktuelle krinsane, derimot, skulle ha seg fråbedt å bli påprakka "eit kvinnfolk til lærar".

I 1896 vart likevel to lærarinner tilsette, Tora Landvik i Os og Brita Stue i Samnanger. Ein barriere var broten. Det gjekk ikkje lenge før folk flest syntest det var både rett og naturleg med kvinner i skulen. I småskulen, sjølvsgagt!

Katrine Kronstad frå Årstad var m.a. utdanna frå Norges lærarhøgskule. Ho vart tilsett i 1917 då barnetalet voks så sterkt i Os-krinsen. Ho vart verande i Os resten av livet. Frk Kronstad var eit fint og godt

menneske tvers igjennom, og elevane var glade i henne. Om ho var vennleg og mild, stod det respekt av henne, og ho trong sjeldan heva stemma.

Det var ro og harmoni i timane hennar, og sjølv dei verste knektane kvidde seg for å utfordra henne.

Katrine Kronstad var bibliotekar i Os folkeboksamling frå 1922 og fram til krigen, og elles var ho med i styret for boksamlinga.

Ho tok del i kristeleg lagsarbeid m. a.gjennom lærarorganisasjonane.

Frk Kronstad levde ugift, og budde lenge i lensmannshuset ved gamle Os-brua, før ho og frk Lægdene på sine gamle dagar kjøpte seg hus på Moberg.

Katrine Elida Kronstad døydde i 1964, 71 år gammal.

Jørgine Bjånes, "Gino"

var fødd på Bjånes i 1894. Ho fekk utdanninga si på lærarskulen på Notodden. Det var ikkje nokon ring prestasjon for ei "ubemidla" landsens ungjente å skaffa seg ei så solid utdanning for hundre år sidan. Men med flid og sparsemd greidde ho å arbeida seg fram utan dei stipend og lånordningar dagens ungdom ser på som sjølvsgade. Det står respekt av det.

Frk Bjånes vart tilsett i Oskrinsen i 1924. Ho vart og hjelpebibliotekar ved folkeboksamlinga.

"Gino" arbeidde i småskulen i Os heile sitt yrkesaktive liv.

Ho var ein dyktig pedagog og eit snilt og godt menneske som ville alle vel. Det var dei som meinte at ho kanskje var for snill til tider, når ho ikkje alltid slo hardt nok ned på uro og fantastykke.

I tillegg til interessa for skule og boksamling hadde Gino eit brennande engasjement for frå-

haldssaka. Forutan å vera ein trugen godtemplar i Losje Midhordland, var ho den drivande krafta i barnelosje "God von". Der kalla ho inn til møte om lag annankvar søndag og rettleidde borna om korleis dei skulle halda seg borte frå rusdrikken i ung og vaksen alder.

Tobakken var heller ikkje bra. Gino distribuerte også barnebladet "Magne" på eigen kostnad til dei mange som tidvis var med i losjen.

Hennar største glede var elles å reisa landet rundt på storlosjemøte.

Også Gina Bjånes levde ugift. Ho døydde i 1966, 72 år gammal.

Bibliotekarbeidet

Biblioteket i Os-krinsen leigde eit rom i huset til Bernhard Midthus i "Sildegata", den vesle gatestubben som snor seg frå elva, mellom sildafabrikken og Buggehuset til Øyro.

I 1920 kom det kommunale tilskotet opp i svimlande 500 kr året. Staten ytte tilsvarande.

I åra fram mot krigen arbeidde både frk Kronstad og frk Bjånes i biblioteket, som bestod av eitt lite rom. Var dei der begge samtidig, var det fullt.

Likevel, og merkeleg nok, var der så mykje hjerterom at det alltid var plass til ein god flokk med ungar i tillegg. Det var andre opningstider for vaksne.

Det var dei som saumfor hyllene med barnebøker, det var dei som fekk rettleiing hos Gino, og det var dei som låg under bordet og las i innbundne årgangar av "Børnetidende", som ikkje var til heimlåns. Under bordet var det jamvel plass til ein ørliten flørt om den "rette" var der.

Desse tjukke årgangane inneheldt mykje underhaldande og spennande stoff, og vart etter

kvart lesne i filler.

Systemet var slik den gongen at du fekk låna ei bok på kvart lånekort. Men Gino hadde eit eineståande talent til å trylla fram fleire kort, så du kunne få heim med deg fleire bøker til dei lange vinterkveldane. Og hadde du vore så uheldig at småsøsken hadde fått tak i bøker og rive sundt, så sukka nok Gino tungt over vandalismen, men ikkje skjente ho, og botavon fant ho.

Sluttord

Det er snart eit halvt århundre sidan "Lerarindena" gjekk bort. Dei fekk sikkert både takk og ei lita påskjøning då dei slutta etter eit langt livs teneste i Oskulen. Men etter mitt skjønn har dei fortent så mykje meir. Dei var bokstavleg talt av den gamle skulen, og såg på læraryrket som sitt kall.

Kanskje ofra dei både eige familieliv og eiga lykke for å realisera draumen om å gi alle elevane ei opplæring og ein ballast som gjorde dei best mogleg skikka til vaksenlivet.

Ganske sikkert ønskte dei å gi borna eit best mogleg utgangspunkt til å bli gode samfunnsborgarar og gode menneske. Dei var pliktmenneske som ikkje framheva seg sjølv, men som gjekk til arbeidet med respekt og idealisme.

Lerarindena brukte all si tid på positivt og byggjande arbeid i det miljøet dei var sette til å tena. Dei venta seg ikkje nokon takk for innsatsen.

Knappast fekk dei nokon, heller. Det er menneske som det gjer godt å minnast.

Takk til Gro og Henrik Bjånes og Terje Bøthun for bilde.

Steindalsætra

Har du nokon gong vore på Steindalsætra?

Då har du kanskje minne frå staden - ei god historie eller bilete.



I 2013 er det 200 år sidan sæterhuset i Steindalen vart bygd. Vi vonar at mange vil dele minne, historier og bilete med oss. Målet er å gje ut ei bok til 200 års minnet.

Då det vart slutt på sæterdrifta, fekk etterkvart ungdomslaget lov å bruke sætra som utfferdsstad. Frå 1936 har laget eigd sæterhuset. I åra 1938 - 1939 vart sætra rehabilitert. Ungdomslaget stilte med dugnadskrefter og fekk hjelp m.a. frå J L Mowinckel på Moldegaard til kjøp av materialar. Vi seier gjerne hytta, men Steindalsætra er det rette namnet.

Hytta har i periodar vore mykje nytta. I aprildagane 1940 reiste nokre familiar opp og budde der ei stund. Hytta var aldri fast plass for motstandsørsla, men vart nytta ei natt eller to når det var naudsynt. Tyskarane fann aldri sætra. Bygdefolket sytte for det. Då Noregs Ungdomslag la ned arbeidet sitt i protest mot okkupasjonsmakta som ikkje tillet norsk dans og kultur, nytta ungdomane i Os sætra som ein fristad. Her kunne dei syngja og leika (dansa) utan stor fare for å verta arresterte.

Også etter krigen har vi hatt sætra som ein fristad og utfferdsstad. Mange osingar - og andre - har vore der med laget eller kanskje ein skuleklasse. I seinare år har m.a. speidarane vore trufaste leigetakarar. Laget sjølv har dugnad kvart år, og vi har og halde sommarfest nokre år. Hytta fekk kjøkkenpåbygg i 1974. Ny "sjytja" bygde vi i 2003. Vi har og kosta på oss bio-do og solcellepanel. Sjølv om vi gjer det enklare for oss moderne menneske å vere på sætra, freistar vi å halde på det gamle så langt råd er. Steindalsætra skal framleis vera ein fristad for den som treng eit pusterom vekk frå kvardagen.

Skriv ned historiene dine og lån oss bilete frå Steindal-



sætra, så vert det kanskje ei kjekk minnebok ved 200-års markeringa.

For Os Ungdomslag

Hildegun K Hauge, Tlf. 922 07 884



Flammelampe med biobrensel
Sikker i bruk.

Høgde 36,5 cm
kr 1990,-
Høgde 62,5 cm
kr 3490,-

AUERHANN
WITH DESIGN!

Twistfire - med forvridd flammer på en helt unik måte! Flammene skapes av sirkulerende luft, som gir grunnlag til denne spesielle flammen.

**Godt utval av lamper.
Vakre ute- og innemøblar i heiltre.**

Vestlandske Heiltremøblar

Vestlandske Heiltremøblar - Jarl Haug
Softeland • Tlf. 56 30 22 03

Kongeleg heider til Kåre og Ålaug Herdlevær

Kåre og Ålaug Herdlevær er tildelt Kongens fortjenestemedalje i sølv. Det var Gunnvor S. Hegglund som sende inn søknaden, og i grunngevinga stod følgjande:

Kåre Herdlevær

Kåre har i 60 år leidd folkedans og leik rundt om i landet der han har budd, - i Trondheim, Tønsberg, Oslo, Bergen og Os. Han har i alt sitt virke halde andre fram og ikkje seg sjølv. Han har gode kunnskapar om alt han held på med, og har ei framifrå evne til å organisere og halda oversikt, noko som har kome godt med i dei ulike stemna han har leia. Med godt humør og glimt i auga syner han veg. I undervisninga er han nøye og ordentleg, - resultatet skal bli rett og fint. Han arbeider, og har arbeidd for det kulturelle i alt han har føreteke seg, anten det er dansen, målrørsla, fråhaldsrørsla eller politikk. I dei laga han har vore med i har han lagt ned eit stort og viktig arbeid som er vorte sett stor pris på.

Målmannen Herdlevær tok initiativ til å få slått saman dei to mållaga i Os, som på noko ulikt målpolitisk grunnlag hadde tevla i mange år. Arbeidet han så la ned i å starta årsskriftet Osingen, og vera redaktør der i 22 år, er eit arbeid osingar set stor pris på. Dette er framleis eit populært skrift som er etterspurd av dei mange som bur i Os og som julegåve til utflytta osingar.

Ålaug Herdlevær

Ålaug har gjort eit stort og viktig arbeid innanfor folkedans og bunadsarbeid. Tønsberg leikarrings bunadsnemnd har gjeve henne æra for at dei har tilrådd mannsbunad frå Stokke. Ho har solide kunnskapar og arbeide nøye og systematisk. Ho fekk fram dansegle- da hos andre, men held seg sjølv helst i bakgrunnen. Ho har stor glede som ho klarte å overføra til dei ho rettleidde. Ålaug har og gode organisatoriske evner som kom godt med under stemne og turar ho var med på å arrangere. Barnelaget og leikarringen i Os hadde stor nytte og glede av henne som instruktør og leiar.

Det var eit tap for BUL Ervingen i Bergen og for Os pensjonistforrening sin leikarring at Ålaug måtte gje seg i 2005 pga sjukdom. Det fine og vare samspelet mellom ho og mannen når dei rettleidde gjorde dansen lun og triveleg. Det samspelet er der enno om Ålaug er med når han rettleier og dansar medan ho sit på sidelinja.



Prisen vart overrekt av ordføraren på julemøtet i Eldresenteret i fjor. I mars 2010 var dei på slottet for å takka kongen.

**Skriftnemnda for årsskriftet Osingen gratulerer den tidlegare redaktøren vår og kona hans med sær-
fortente medaljar!**



Redaktør for barnesidene: Elfrid Moberg

Motocross.

Eg er så heldig at eg har ein crossar som eg køyrer på Ulven med. Det er gøy, morosamt og spanande! Crossaren er ein Honda. Eg likar å køyra freestyle. Freestyle er det mest spanande!



Brygga

På brygga eg står med flaksande hår. Havet det brusar, men hør kor det susar. Snart skal eg ut å hente ruser og er eg heldig, så møter eg ein cabin cruiser.



Hunden min Yoyo

Hunden min heiter Yoyo. Han er ein finsk lapphund.

No er han 5 år og han er litt rampete.

Det bilde over er ikkje han, men ein som liknar veldig.

Han har ein buskete hale, litt gråaktig.

I fargane liknar han litt på ein sjefer.

Han kjem frå Sverige, men bur i Noreg.

Han er kjempesøt!!!!



VITSAR

- Kelner, kelner det er ei fluge i suppa mi.
- Nei, det er ei rosin.
- Kvifor flyg den då???
- Kelner, er eg nøydd til å sitja her til eg svelt i hel?
- Nei då, vi stenger kl. 22.00.
- Kelner, kan eg få ein blodig biff?
- Ja, kva for ein blodtype då?

Fotball!

Snart er vinter og vår omme.
Så då kan fotballsesongen komme.
På midtbanen eg spelar og ballen den trillar.
Og tida den går med alle måla vi får!



Gåter:

- 1) Kvifor har svenskane med seg sandpapir i ørkenen?
(For dei treng eit kart).
- 2) Kvifor har svenskane med seg bildør i ørkenen?
(Dersom det vert varmt, kan dei sveive ned vindauga).
- 3) Kva står det på skilta i dei svenske rundkjøringane?
(Maks 3 rundar)

Hausten

Hausten kjem og vatnet renn.
Vi går på turar med iskalde hend.
Regnet plaskar ned frå taket.
Kattane fyk heim frå braket.
Hausten kjem og hausten går.
Kaldare vert det til neste år.
Ingen iskrem, ingen bading.
For no er kroppen sett på lading.
Blada får farge og fell frå trea.
Paraplyen er våt og det dryp på knea.
Vinden uler gjennom pipa.
No kjem katta redd og lita.
Dansande flammor i peisen vår.
Og kaldare vert det til neste år.



Kua Kjersti

I sommar var kusina mi og eg på hytta vår i Sogn. Der var det ei ku som stod aleine utanfor hytta. Kua hadde nok gått frå flokken sin. Vi mata henne og klappa ho. Vi gav henne namnet Kjersti. Neste dag då vi kom tilbake frå ein liten handletur, så stod Kjersti og venta på oss utanfor hytta igjen. Den morgonen vi skulle reisa så skulle vi til å setje oss i bilen og då kom Kjersti springande etter oss. Vi sa "ha det" og lova henne å aldri gløyme ho.

Pernille – moterevolusjon på Osøyro

”Det er ikke bare i fotball Os er kommet i hovedserien. Men også når det gjelder klær for unge damer. For i går kveld åpnet Reidun Bjørø en ”boutique” på selveste Osøyri – og det er den første i sitt slag på de kanter.”

Morgenavisen onsdag 9. oktober 1974



Tekst: Hildegun Nordstrønen

”Huska du Pernille?”

Eg har stilt dette spørsmålet til mange vaksne kvinner den siste tida. Alle hugsar.

Dei fleste blir litt drøymande i blikket. Mange har ei historie å fortelja. Ein del har framleis eitt plagg eller to inst i skapet eller i minneboksen på loftet.

Reidun Bjørø er kvinna bak den første motebutikken på Os. Ho tok



Medarbeidaren Hjordis Bjørnsen i moteriktig antrekk.

imot Osingen sine to utsende ein vakker seinsommandag heime på Moberg. Vi fekk ein hyggeleg prat og ei herleg mimrestund om Pernille, den vesle perla av ein butikk som endra motebiletet i Os for all tid.

Bakgrunn

Reidun arbeidde som flyvertinne i syttiåra. Jobben i SAS tok henne ut i den store verda, til mellom anna London, New York og Paris. På fritida var ho mykje ute i byane ho vitja og fekk stadig nye impulsar. Saman med gode kollegaer og vener var ho ein hyppig gjest i motebutikkane og lærte fort om antrekk og kombinasjonar av fargar og tekstilar.

”Vi berre elska å shoppa!” fortel Reidun engasjert. ”Vi hadde tilgang til så mykje billige klede, sko, belte og anna tilbehør. Ofte tenkte eg at dette burde alle kvinner ha tilgang til utan å måtta reisa lange avstander.”

Engasjementet for motar gjorde at Reidun i 1974 opna motebutikken Pernille i barndomsheimen midt på Osøyro.

Utvalet i moteklede for yngre kvinner var relativt avgrensa i heimbygda og ungdommane reiste for det meste til byen der Amanda og Nina Kjøp lokka med stivpynta utstillingsdokker i vindauga. Dei etablerte butikkane innan damekonfeksjon på Os den gongen var Øvrebo og Leganger som for det meste førte klede til den modne kvinna.

Den nye butikken i Bjørøhuset appellerte til eit anna publikum, til dei som var på jakt etter noko nytt, noko som ikkje ”alle andre” hadde. Merke som InWear, TrendMark,



Reidun Bjørø og søstera Unni i trappa på Bjørøhuset ved opninga i 1974

Marco Polo, Sweki og Skovbon vart svært populære og snart å sjå på alt frå sokkadans i gymsalen til offisielle tilstellingar.

”Ja, det var ikkje berre dei heilt unge som handla hos oss, fortel Reidun. Vi hadde også vaksne kvinner i kundekrinsen vår. Eg møter framleis gamle kundar som fortel historiar rundt klede dei kjøpte, om den spesielle festen eller andre viktige opplevingar.”

Butikken

Butikken heldt til i Bjørøhuset midt på Osøyro. Opp ei steintrapp, og så



I flotte lokaler tok Reidun imot kundane.



Maria Meidel Hansen viser Inger Kobbeltvedt sin flotte sommarkjole



Jeanette Sundøy i Elfrid Moberg sin fantastiske festkjole.



Lind Røttingen er her kledd for sommar og sol. Det er Elfrid Moberg som har lånt ut kjolen.

var ein der. Det var som å komma inn i ei anna verd, med nydeleg tapet på veggane, 2 salongar med alt frå flotte selskapskjolar til roffe bukser og skjorteblusar. Noko for ein kvar smak. Lokala var med på å gjera denne butikken til ei heilt spesiell oppleving. I tillegg til klede med tilbehør, hadde Pernille også eit lite utval av bruks- og pyntegenstander. Dette vart godt motteke og varene forsvann fort.

Dei ønskte at Pernille skulle vera nok spesielt, med eit anna tilbod og ein annan profil enn dei etablerte butikkane.

Reidun minnest med ein smil ein sommar det var spesielt fint ver:

"Det var mange kundar i sentrum, både lokale og tilreisande som var på ferie. Då sette vi på musikken på fullt og tonar frå BoneyM og Demis Roussos ljoma over heile Øyro! Det var tider!"

Medarbeidaren Hjørdis

Gjennom venninner kom Reidun i kontakt med Hjørdis Bjørnsen som vart med på å driva Pernille.

"Hjørdis elska klede, nett som eg! Ho var også flink med menneske og dyktig til å gje råd og vegleiing til kundane. Det var mange som kom inn i butikken og ville sjå ut som Hjørdis!"

Vi la vekt på å få fram den gode kjensla ved motar og klede og jobba målmedvite for å bringa denne opplevinga vidare til kundane. Hjørdis var ein meister i å skapa god atmosfære og leggja vekt på det vakre ved kvar einskild kvinne. "

Drifta

Reidun og Hjørdis reiste på motemesser i Oslo, København og London. Alle desse stadene fann dei spanande og nye klede som dei gledde seg til å presentera heime. Varene som ofte kom frå Austen, vart importerte gjennom Posten. Det var ganske tungvindt og ofte måtte dei venta på at papirarbeidet skulle verta ferdig sjølv om varene alt var komne.

Dei fordelte arbeidet slik at Reidun sto for innkjøpa medan ho heldt fram i jobben som flyvertinne medan Hjørdis sto i butikken.

"Etter at Hjørdis flytta, var eg usikker på kven eg skulle få med meg og driva butikken. Heldigvis takka Anne Berit Engelsen ja til



Hjørdis i vakker raud cape og dristige hot-pants.

jobben. Med sine gode kunnskapar om mote og stil var ho med på å bringa Pernille trygt vidare."

Motebiletet

Det var svært mykje dongeri, med mange ulike detaljar. Detaljane var svært viktige og avgjorde om noko var moderne eller ikkje. Buksene var stramme over magen og gjekk ut til stor vidde nede.

"Eg var gymlærer på ungdomsskulen ei tid. Jentene nekta å ta av seg buksene for å skifta til gymtøy. Eg trudde dei var obsternasige og ville gje dei krass tilbakemelding. Då kom sanninga for dagen: buksene var så trange at jentene fekk dei ikkje av!"

Elles var det både kjolar, drakter og blusar som var i meir klassisk stil. Dei gode merka var av utmerka



Fire flotte kvinner i antrekk frå Pernille. Barbra Røttingen viser her Elin Beathe Moberg sin vakre todelte lilla kjole.

kvalitet og heldt seg godt lenge. Pernille satsa på å ha eit rikt og variert utval og selde berre nokre få plagg i same storleik.

"Det er svært morosamt at eg framleis møter kvinner i festleg lag som den dag i dag har på seg klede som er kjøpt på Pernille. Andre fortel at dei har plagg hengjande i skåpet og dei har ikkje hjarta til å kvitta deg med dei. Det er kjekt at gamle ting vert tekne så godt vare på og verdsett etter så lang tid."

Undertøy vart også ein del av det nye motebiletet. For dei fleste osajentene på seksti- og syttitalet var nok Irisen den faste leverandøren av dei mest intime plagg. Solid er vel eit omgrep som er dekkjande for plagg som vart kjøpte over disk i lagerutsalet automt elva. Med Pernille kom nye og lettare plagg i handelen. Gjennomslittige, lekke kreasjonar pynta med blonder virka forlokkande på både eine og hin. Dette førte nye og litt meir usikre kundar opp trappa til Pernille. I desember kom det ofte menn i eit spesielt ærend, dei kjøpte undertøy til koner og kjærastar. Det var ikkje få baby-dolls og flortynne morgonkåper som vart pakka kunstferdig inn dei siste dagane før jula vart ringt inn.

"Det var koseleg med mannlege kundar, ler Reidun. Gode kommentarar sat ofte laust når karane kom inn i eit så feminint

miljø. Eg hugsar spesielt godt ein gong ein mann stakk innom akkurat i det ein kvinneleg kunde og eg sto og studerte baken hennar og vurderte om bukse "sat" som ho skulle. Då kom det spontant: "Hiv truso, så passa bokso!"

Antrekk og tilbehør

Tidlegare tenkte ein gjerne på klede plagg for plagg. Vart bukse øydelagt, kjøpte ein ei ny utan å fintenkja på kva den skulle brukast saman med. Bukser var gjerne mørke eller lyse, ikkje noko meir å tenkja på. (Ikkje misforstå; klede vart ikkje skaffa i utrensmål, men når det var naudsynt....)

Med Pernille kom "antrekk". Alt skulle "matcha" slik at det vart ein heilskap frå topp til tå. Det var sjølvstakt at til dømes bukse og genser skulle passa i lag, men no kom det også sko, belte, capsar og liknande i same stil.

I tillegg kom "tilbehøret", ulike saker som skulle løfta antrekket til nye høgder. Det var store smykker forma som klave rundt halsen, lange perleband med store kuler og pynt, eller armband som tok opp i seg fargen på den nye toppen. (Før vi forstod at det heitte "topp" kalla vi det gjerne bluse, skjorte, trøya eller rett og slett "øvedel"....)

Avslutninga

Reidun flytta frå Os på slutten av syttitalet, først til Stavanger og seinare til USA.

Anne Kristine Pedersen kjøpte butikken på slutten av syttitalet og Pernille vart avvikla heilt i 1981.

Reidun:

"Eg vart svært glad og letta då Anne Kristine tok over Pernille. Ho førte butikken vidare på ein flott måte og tok godt vare på kundane.

Det var ei spanande tid med Pernille. På ein liten stad som Os blir ein ofte knytt tett til den verksemda ein driv, ja, ein blir nærmast verksemda! Det er moro å dela minner frå denne tida med gamle kundar.

Då eg før ei tid sidan var ute saman med Bitten Lyssand, var det mange

som kom og helsa på oss, ein med desse orda: Nei men, e da kje Glas-magasinet og Pernille so sete her?!" Før Osingen forlet Reidun sin flotte heim på Moberg, forsvinn vertinna vår ein augneblink. Då ho kjem att, tek ho fram noko kvitt ho har halde bak ryggen.

"Huska dåke desse?" spør ho og held fram to kvite handleposar.

Begge Osingen sine utsende gjer seg over i begeistring! Der er han! Posen vi gjerne ville bli sett med på Osøyro i 1978! Jenta med det flagrande håret med "Pernille - motebutikken på Osøyri" i svart trykk!

Den vesle motebutikken er borte, men har sett varige spor etter seg. For oss som var jenter (i alle aldrar) på denne tida, var Pernille det første møtet med mote frå den store verda.

"Dersom du ikkje har brukt eit kleplagg det siste året, kan du ta det ut av skapet, bytta det bort, gje det til ei venninne, donera det til Fretex eller kasta det i Kolskogen".

Det er dette dei hevdar, "forståsegpåarane" som med jamne mellomrom dukkar opp i media. Dei vil gjerne ha oss til å kasta gamle klede. Dei vil læra oss vanlege korleis vi skal halda oss moderne og freshe i stilen. Dei har nok aldri opplevd ein moterevolusjon, aldri følt suset av at den store verda inntek bygda og endrar klebunaden for all tid. Så har du eit plagg frå denne tida (eller gamledagar som ungene seier....) så ta vare på det som eit klenodium frå den vesle moterevolusjonen i heimbygda.



"Ei fantastisk tid med Pernille," fortel Reidun Bjøro

"Houston, we've had a problem"



Tekst: Terje Bøthun

Desse orda innleiar ein av dei mest dramatiske redningsaksjonane verda har vore vitne til. Det er den 13. april 1970, Apollo 13 er på veg mot månen og er 320 000 km frå jorda. Mannskapet om bord har høyrte ein smell, og bakkekontrollen i Houston har mottatt det som vel må vera alle tiders underdriving.

Ein oksygentank har eksplodert, og romskipet mister både oksygen og elektrisk straum. Det vert snart klart at dei tre om bord er i livsfare, og sjansane for å koma tilbake til jorda i live er små. I Houston går katastrofealarmen, og det som er av tilgjengeleg romfartsekspertise, får beskjed om straks å innfinna seg i kontrollsenteret. Ein av desse er

den 28 år gamle romfartsingeniøren Alfred N. Lunde.

Alfred Nilsson Lunde vart fødd på Lunde i Os i 1942 som den yngste i ein søskenflokk på ni, foreldra var Borghild og Nils Lunde. Det vart tidleg klart at vesleguten Alfred, eller "Affen", som han vart kalla heime, hadde gode evner. Han tok skulearbeidet lett, og vert av broren Nils karakterisert som ein lesehest. Fram til han var 15 år gammal, var ikkje livet hans ulikt det jamaldringane på Lunde levde, men då skjedde det som for alltid skulle endra livet hans.

Onkelen Albert Særvold hadde i 1929 reist til Amerika, der han seinare utdanna seg til lege. No ville han gjerne hjelpa slekta i gamlelandet og tilbød seg å kosta utdanning for den som ønskte det, i USA. Slik hadde det seg at Alfred



Ein ung Alfred Lunde

Lunde i 1957, 15 år gammal, reiste til Galveston i Texas for å begynna på high school. Engelsk kunne han ikkje, men onkelen visste råd. Han gav nevøen beskjed om at etter at den første veka i det nye landet var over, var det slutt på å snakka norsk. Dermed hadde ikkje unge Lunde noko val og måtte læra seg engelsk etter naturmetoden.

To og eit halvt år seinare hadde han fullført high school og kunne begynna å studera ved The University of Texas i Austin. Her vart han uteksaminert i 1966 som sivilingeniør med spesialisering i romfart. Same året gifta han seg med den eitt år yngre læraren Anne de Mesquita frå Galveston.

Etter endt utdanning takka Alfred Lunde nei til ei rekkje jobbtillbod, m.a. frå flyfabrikken Boeing. Han hadde følgd nøye med på



Alfred Lunde gløynde aldri rotene sine i Noreg



Erik Tandberg (t.v.) omtalar Alfred Lunde som ein blid og omgjengeleg mann som han sette stor pris på

oppbygginga av det amerikanske romprogrammet. Derfor visste han at dersom amerikanarane skulle nå det målet president John F. Kennedy hadde sett i 1961, at før tiåret var omme, skulle amerikanarane ha sendt ein mann til månen og fått han trygt tilbake, trong dei folk. Han hadde såleis godt håp om positivt svar då han sende jobbsøknaden sin til den amerikanske romfartsorganisasjonen NASA. Det viste seg at optimismen var velbegrunna, for i februar 1966 vart Lunde tilsett på planavdelinga ved romfartssenteret i Houston.

Dermed var Lunde brått ein del av det amerikanske romfartsprogrammet der målet ikkje berre var å senda folk til månen, men å koma dit *før* sovjetrussarane gjorde det. Dette var under den kalde krigen, og Sovjetunionen hadde skaffa seg eit solid forsprang på amerikanarane då dei i 1957 sende romsonden Sputnik i bane rundt jorda. Heime på Os hadde den unge Alfred Lunde, på samme måte som folk over heile verda, følgd Sputnik si ferd over nattehimmelen. Lite visste han då at mindre enn ti år seinare skulle han sjølv

vera ein del av det amerikanske romfartseventyret.

I 1961 vart så Jurij Gagarin det første mennesket i verdsrommet. Amerikanarane var m.a.o. på etterskot, og då Kennedy lanserte at amerikanarane skulle landa på månen før tiåret var omme, var det ikkje meir enn tid og veg for dei som skulle sørgja for at målet vart nådd.

Då Alfred Lunde vart tilsett, vart han ein del av eit forskingsmiljø og – program som er einestående i historia, og som på det meste, under planlegginga av Apollo-ferdene, talde om lag 400 000 menneske som på eitt eller anna nivå var knytte til prosjektet. Amerikanske styresmakter løyvde enorme summer til NASA for at målet skulle verta nådd. Etter at Mercury- og Gemini-programma var over, nærma tida seg for å ta steget bort frå jorda og leggja ut på den lange reisa til månen. Dette var eit langt meir krevjande og farleg prosjekt enn å gå i bane rundt jorda.

I 1968 skulle dei første menneska forlata moder jord og reisa dei

380 000 kilometrane til månen, ikkje for å landa, men for å gjera førebunde testar til det som året etter skulle bli den første månelandinga. Ettersom dette var ei reise ingen hadde gjort før, var det mykje ein ikkje visste, og



Alfred Lunde vart konfirmert i 1957. Same året reiste han til USA

mykje som kunne gå galt. For at astronautane skulle koma trygt til månen og heim att, var det heilt avgjerande at den kursen som vart sett, var korrekt. Viss ikkje banen romskipet gjekk i var nøyaktig, ville romfararane forsvinna ut i rommet og aldri koma tilbake. Dette var Alfred Lunde sitt ansvarsområde.

På denne tida hadde han begynt å utarbeida eit dataprogram som skulle visa posisjonen til stjerner, planetar, sola og månen slik astronautane til ei kvar tid ville sjå dei frå vindauga sine om bord i romskipet. Før kvar romferd laga han bildeseriar av stjernehimmlen slik mannskapet ville koma til å sjå han med ein times mellomrom gjennom heile ferda. I tillegg laga han bilde som skulle stadfesta posisjonen til romskipet under kritiske manøvrar, som til dømes når det skulle gå inn i bane rundt månen, eller når dei skulle inn i atmosfæren på veg tilbake til jorda. Nokre av desse bilda vart med astronautane i romskipet, og heile bildeserien og eit beskrivande dokument vart stilt til disposisjon for bakkekontrollen i Houston.

Fram mot den første månelandinga, i juli 1969, vidareutvikla Lunde dataprogrammet sitt slik at Neil Armstrong og Buzz Aldrin kunne



På hytta si, Apollo Hill

sjå kva utsikt dei ville ha over måneterrenget ved landing og når dei skulle skytast opp att frå månen.

Lunde samarbeidde tett med astronautane. Michael Collins, som var tredjemann på Apollo 11, og ikkje skulle ned på månen, var ofte innom kontoret til Lunde for å følgja med i arbeidet, og for å finna ut kva han ville sjå medan han gjekk i bane rundt månen og venta på at Armstrong og Aldrin skulle fullføra oppdraget sitt der.

Då oppskytinga av Apollo 11 nærma seg, reiste dei tre astronautane frå Houston til Cape Kennedy i Florida for å gjera dei siste førebuingane der. Simulatortrening for månelandingsfartøyet var ein svært viktig del av arbeidet til Armstrong og Aldrin. For å samanlikna sitt eige program med dei data som vart viste i simulatoren på Cape Kennedy, reiste Lunde òg til Florida. Her fekk han vera med Neil Armstrong og Buzz Aldrin på to "månelandingar" og fekk ved sjølvsyn sjå korleis det fungerte.

Apollo 11 vart, som alle veit, ein suksess. Mennesket hadde for første gong sett sine bein på ein annan klode, astronautane vende trygt heim att, og målet til Kennedy var nådd. Også den neste måneferda gjekk etter planen, og heile tida var ein ung mann frå Os sentral i planlegginga.

Då turen var komen til Apollo 13, trudde mange at reiser til månen var blitt ei rutinesak, og media i USA viste ikkje lenger den same interessa for romferdene. I NASA visste dei derimot at måneferder aldri ville bli rutine, og for dei som er overtruiske, er det nok av teikn som peika mot at Apollo 13 ville få det vanskeleg. I tillegg til å vera nummer tretten, vart romskipet skote opp klokka 13.13 Houston-tid den 11. april i 1970, og eksplosjonen om bord skjedde den 13. april. Dette var likevel neppe tankar Alfred Lunde

gjorde seg der han i all hast kørde til kontrollsenteret i Houston rundt midnatt natt til 14. april 1970.

No skulle han vera med i det svært kompliserte og vanskelege arbeidet med å få dei tre astronautane i Apollo 13 trygt heim. På dette tidspunktet visste ingen nøyaktig kva som hadde skjedd om bord i romskipet. Det som var sikkert, var at det var alvorleg, og at mannskapet var i livsfare. Utan oksygen ville dei snart kvelast, og det var uvisst om det var straum nok til at navigasjonssystema og datamaskinene ombord kunne fungera. Dermed måtte dei førebu seg på "reserveløysingar" når kursen til Apollo 13 skulle korrigerast.

Bildeprogrammet til Alfred Lunde skulle no hjelpa astronautane under dei kritiske manøvrane dei skulle utføra. For å korrigera kursen måtte rakettmotorane avfyra, men astronautane var avhengige av at romskipet var i rett stilling før dei vart fyrte av. Til dette trong dei Lunde si hjelp. Han skulle berekna kva dei skulle kunna sjå gjennom vindauga under manøvrane. Viss ikkje dette var rett, ville dei vera fortapte.

Dette var eit vanskeleg arbeid, og det var knapt med tid. Ved hjelp av holkort mata Lunde datamaskina med den informasjonen som var nødvendig. Dette arbeidet kravde at han var pinleg nøyaktig, og arbeidet var alt anna enn lett. Maskina skulle så teikna det mønsteret av stjerner og andre himmellekamar som astronautane skulle sjå når romskipet låg i rett stilling for manøvrar med rakettmotorane.

Då mikrofilmen var framkalt og resultatet var klart, vart det gjeve til kontrollsenteret som formidla det vidare til mannskapet på Apollo 13. Astronautane ombord kunne stadfesta at dei ganske riktig såg det Lunde hadde sagt at dei skulle sjå.



I samtale med Buzz Aldrin, andre mann på månen

Etter fleire kurskorrigeringar sto den siste og mest kritiske att. Romskipet nærma seg no jorda, og før det skulle inn i atmosfæren, måtte det manøvrerast til rett innfallsvinkel. Dersom denne var feil, ville astronautane enten brennast levande, eller dei ville forsvinna ut i rommet for godt. Det er derfor ikkje til å undrast over at Charles Duke, som hadde radiokontakt med Apollo 13, og som sjølv seinare landa på månen med Apollo 16, spurde Lunde om han kunne sverga på ein stabel med biblar på at berekningane var korrekte. Lunde svarte at det kunne han ikkje, men han følte seg sikker på at dei var rette. Deretter vart Lunde sine data formidla vidare til astronautane i rommet. Medan kontrollsenteret i Houston heldt pusten, gjorde mannskapet dei kursendingane dei hadde fått beskjed om, og då det var gjort vart det klart at arbeidet til Lunde hadde vore prikkfritt. Apollo 13 låg i rett landingsvinkel. Alfred Lunde hadde gjort jobben sin og kunne no gå tilbake til kontrollsenteret for å følgja med på sjølve landinga derifrå.

17. april landa Apollo 13 i Stille-

havet. Ei heil verd hadde følgd med på den dramatiske redningsaksjonen, og mange meiner det var ein like stor bragd å redde Apollo 13 som det var å landa på månen. Alfred Lunde var utkøyrd, men han kunne med godt samvit gå heim og kvila. Han hadde gjeve sitt bidrag til redningsaksjonen.

Etter at Apollo-programmet var over, vart Alfred Lunde engasjert i fleire andre av NASA sine prosjekt. Her skal dei berra nemnast kort. Han arbeidde med planlegginga av romstasjonen Skylab, han jobba med romferjeprogrammet, og han var med på å planleggja utplasseringa av Hubble-teleskopet, som no går i bane rundt jorda.

Alfred Lunde ville gjerne dela av kunnskapen sin med andre. Dette gjorde han m.a. gjennom fleire fjernsynsprogram som vart laga saman med Jan P. Jansen og Erik Tandberg for NRK. Mange vil hugsa dei to sistnemnde m.a. som dei som kommenterte måneferdene for norske fjernsynssjåarar. Erik Tandberg, som i dag er tilsett ved Norsk Romsenter, omtalar Lunde

som ein blid og omgjengeleg mann som han sette stor pris på. Han seier at Lunde var svært opptatt av arbeidet sitt, at han levde og anda for romfart, og at han var spesielt opptatt av framtida og av mennesket i rommet.

Alfred Lunde gav òg ut tre bøker om romfart: *Fottrinn på månen* (1974), *Romfartsrevolusjonen* (1986) og *Utfordringen* (1988). I bøkene sine skriv Lunde på ein personleg og lettfatteleg måte om ulike romprosjekt som NASA til då hadde gjennomført, men han retta òg blikket framover. Han såg på dei gjennomførte prosjekta berre som byrjinga på ei spennande framtid for mennesket. I *Romfartsrevolusjonen* seier han: "En ny revolusjon i menneskets utvikling har tatt til." Han meinte at det ligg i mennesket sin natur å utforska og å vera nysgjerrig, men han var òg opptatt av at kunnskapen skulle nyttast til det beste for mennesket.

Inntektene frå salet av *Utfordringen* gjekk til "Challenger Center" som er ein ikkje-kommersiell organisasjon oppretta av dei etterlatne etter Challenger-ulykka. Målet til denne

organisasjonen er å stimulera barn og unge til å studera realfag og til å oppmuntra dei til å bli forskarar.

Lunde var òg medforfattar av ei felles amerikansk/sovjetisk vitenskapleg bok, *Apollo-Soyuz Test Project. Summary Report* (1977). I tillegg har han skriva ei mengd faglege rapportar og artiklar.

I følgje Erik Tandberg var Alfred Lunde også ein habil science fiction-forfattar, men så vidt underteikna veit, har ikkje noko av det han har skriva innanfor denne sjangeren, blitt gjeve ut.

At Alfred Lunde nytta stor respekt blant astronautane, ser vi m.a. i at forordet til *Fottrinn på månen* er skriva av Harrison H. Schmitt. Schmitt var med på den siste Apollo-ferda, Apollo 17, og er den einaste *vitenskapsmannen* som har sett sine bein på månen. Lunde kjende mange av astronautane både profesjonelt og personleg, og ettersom han budde i same nabo-laget som fleire av dei, vart nokre av dei òg omgangsvener med han.

Alfred Lunde levde eit spennande liv med ein travel jobb i NASA, men han gløymde aldri røtene sine i Os og Noreg. Familien fortel om ein romfartsingeniør som kvar jul måtte få tilsendt *Vangsgutane* og *Knoll og Tott*. Han reiste heim til Os og hytta si, Apollo Hill, så ofte han kunne, og slappa av med å gå turar i skog og mark, eller med å fiska. Sjølv om Alfred Lunde var ein mann som hadde astronautar som omgangsvener, omtalar familien han som jordnær og guteaktig.

Han gløymde heller ikkje at han sjølv ein gong hadde vore ein ung gut som løfta blikket mot stjernehimlen. Då han tidleg på 1980-talet vitja Nore Neset skule, som hadde romfart som valfag, tok han seg god tid til å snakka med dei entusiastiske elevane, som tok imot han slik dei ville tatt imot ei popstjerne. At han i tillegg hadde med ein del av eit varmeskjold frå ei av romferjene, gjorde ikkje heltestatusen mindre.

9. mai 1996 døydde Alfred Lunde, 53 år gammal. Han skulle "blokka



I 1966 gifta Alfred Lunde seg med Anne de Mesquita frå Galveston i Texas

ut" nokre blodårer, men vakna ikkje av narkosen. Lunde skulle hatt mange gode arbeidsår framfor seg i NASA, men slik blei det ikkje. Det arbeidet han fekk gjort, har likevel sett spor etter seg og blitt verdsett. Frå ei rekkje utmerkingar som tel nærmare tretti, kan ein nemna:

"Lunar Landing Team for outstanding contribution to the Apollo Program"
"Presidential Medal of Freedom" for arbeidet med å redde Apollo 13
"Superior Achievement Award", også det for Apollo 13
"In recognition of the outstanding efforts and dedicated service in support of the Skylab program"
"Mission Operations Directorate in recognition of exceptional contribution to Shuttle Operations in planning, mission preparation and operation for STS-26"

For ei meir utfyllande liste, sjå *Litt av gards og ættesoga for Os frå nyare tid*.

Alfred Lunde er til no den einaste nordmannen som har vore tilsett i NASA.

Takk til Ingeborg Borgen og Svanhild og Nils Lunde for utlån av bilete.

Kjelder:

Munnlege:

Nils Lunde
Svanhild Lunde
Erik Tandberg

Skriftlege:

Chakin, Andrew, *A Man on the Moon*, Penguin, London, 1998
Godwin, Robert (red), *Apollo 13 The Mission Report*, Apogee Books, Burlington, 2000
Lekven, Asbjørn, "Minneord om Albert N. Særvold"
Lovell, Jim og Kluger, Jeffrey, *Apollo 13*, Houghton Mifflin, New York, 2000
Lunde, Alfred: *Fottrinn på månen*, J.W. Eide Forlag, Bergen, 1974
Lunde, Alfred: *Romfartsrevolusjonen*, Gyldendal Norsk Forlag, Oslo, 1986
Lunde, Alfred: *Utfordringen. Challengers ulykkesferd*, J.W. Eides Forlag, Bergen, 1988
Smith, Andrew, *Moondust*, Bloomsbury, London, 2006
Tveit, Marta (red): *Litt av gards og ættesoga for Os frå nyare tid*,
http://www.jsc.nasa.gov/history/oral_histories/YoungKA
<http://www.challenger.org/>

Lause blad frå ei lektoral minnebok

Tekst: Lars Hernes

Eg tek til med å herma meg sjølv – det må ein etter kvart gammal mann få lov til. I avskilshelsinga mi til kollegaene det året eg vart pensjonist, skjemta eg litt med det eg *ikkje* skulle gjera i mitt nye, postgymnasiale liv. 1. Eg skulle ikkje få meg hus i Spania og driva dank på solstrendene der. 2. Eg skulle ikkje kjøpa golfkøller og traska greenen endelangs, sidan ballane fyk alle andre stader enn fram til dei små hola dei helst skal trilla sakte og pynteleg ned i. 3. Eg skulle heller ikkje siga ned i sofaen for å sjå på teite TV-seriar, ikkje tørrprata med jamlikar på det dåverande Drageset-hjørnet, ikkje slurpa kald kaffi i sigarettøyken på Opus-fortauet. Til dei som meinte at eg kunne finna på noko å skriva om, sa eg at eg iallfall ikkje kom til å opna spalta "Snart 70" i eldrebladet *Vi over 60*.

Ein ny fridom

Men når eg svittar innom gymnaset for å slå av ein prat med eks-kollegaene, er det ikkje alltid så enkelt å stå til svars for korleis eg no får dagane til å gå. Spørsmålet er feil formulert, sa Kåre Willoch ofte. Eit slikt retorisk knep held eg meg for god til.

For sjølv sagt kan det seiast mykje om kva det inneber å verta pensjonist. Når ein så vert det sjølv, oppdagar ein fort at det ikkje lenger er så sjølv sagt kva ein skal bruka tida til. Ein lektor emeritus, som eg no kan kalla meg, kan ikkje halda fram med den livsrytmen som i stor grad var bestemt av faglege kvalifikasjonar, arbeidsår, skuleruter og timeplanar. Brått får ein fridom til å gjera kva som helst av det ein vil og kan. Det kjennest overveldande og flott, men samstundes litt skremmande.

Eksistensfilosofen Sartre har truleg rett i at absolutt fridom til å velja kan skapa angst, men i min kvardag gjer fridomen til sjølvvalde gjeremål berre godt. Dei som lurar på kva gjeremål det er, får halda fram med det.

Eit rolegare tempo

Tysk har eit fint uttrykk for å gå ut av arbeidslivet etter oppnådd pensjonsalder. Kjem eg i prat med ein tyskar, kan eg seia: *Ich bin in den Ruhestand getreten*. Det høyrst kan henda litt sedat ut, men poenget er at eg har lov til å roa ned tempoet, eventuelt ta nokre sidesteg i staden for å hasta strake vegen framover. Eller eg kan stogga opp når eg har trong for det, og så halda fram i den takten som høver ein *uttent*, som emeritus tyder. For det er jo berre tullprat når pensjonistar påstår at dei har mindre tid enn nokon gong. Nei, no har me tid til det me *vil* bruka tid på. I røynda er det vel slik tidlegare i livet òg, om ein tenkjer gjennom saka. Arbeidstakarane har jo heller aldri tidlegare hatt så mykje fritid som no. Ein annan ting er at di meir tid ein har, di meir vil ein nå over. Somme spring så fort at dei når ikkje seg sjølv att. I alle fall ikkje før dei ligg der. Då er ein komen *in den Ruhestand* for alvor.

Gode møte på livsseglassen

Tidens morgen for meg i Os var året 1968, sjølv om eg aldri var nokon ideologisk 68-ar. Då eg som 68-åring takka for meg, hadde eg tent fire rektorar. No minnest eg raude 70-år, blå jappetid, Reform 94 og endeleg Kunnskapsløftet, som for mitt vedkomande berre vart eit Soria Moria eg slapp å gje meg i kast med. Men livet har jo ikkje vore avgrensa til kateter og klasserom, og skulehistorier skal de sparast for denne gongen.



Minneboka mi sveipar innom så mangt, og då kan det vel høva å plukka fram nokre lause blad her og der. Dei er ueinsarta, men handlar om livet slik det har ovra seg, episodar eg hugsar, røynslar til å få forstand av, gode møte med menneske på livsferda. Mykje har eg sett, og mangt har eg frett. Mange gonger skjedde det utanlands. Difor hermer eg orda til den engelske diktaren Tennyson i diktet hans om den vidfarne seghelten Odyssevs: "I am a part of all that I have met."

Romaren Pompeius baud menneskapet sitt setja segl og leggja til havs, sjølv om stormen raste. "Navigare necesse est", sa han; seglasen var viktigare enn livet. Diktaren av det norrøne "Håvamål" bruker ei tørr underdriving når han kved: "Daud mun ein lite duga." Pompeius kan eg ikkje fylgja til endes; eg er for glad i livet til det. Derimot er det sant det me song på sjømannsmisjonsfestar på bedehuset i gamle dagar: "Jeg er en seiler på livets hav, på tidens skiftende bølge." Det er eit fint uttrykk for den mangslungne ferda i spenninga mellom hamna og havet, det heimslege og det framande. Er det ikkje godt at det er slik? Det ville vore ulideleg keisamt om me var programmerte sprelledokker etter ein ufråvikeleg formel.

Eg nemnde gode møte. Det får vera den tynne raude tråden i denne lausbladteksten. Og gode møte vert det berre der menneske har eit felles ynske om å koma kvarandre til møtes. Det skjer kanskje lettast i lokalsamfunnet, men det kan og bør skje like mykje over barrierar mellom ulike folkeferd, språk, kulturar og religionar. Når tidlegare elevar fortel meg at dei etter fullført skulegang pakka ryggsekken og drog på langtur halve jorda rundt, tykkjer eg det er flott at dei har fått høve til det. Dei kjem heim att med vidare horisont og auka medvit om felles menneskelege verdiar på tvers av alle skilje elles. "For mye er forskjellig, men det er utenpå." Som yrkesaktiv fekk eg mange gode møte i pausane på personalrommet. Eg lærte at det går an å sjå ulikt på mangt, men samstundes kjenna gode band fordi me verdsette kvarandre som menneske med oppgaver som det var viktig å stå saman om og finna gode loysingar på.

Ingen spas i Bayern

I min ungdom var alle over 60 gamle kallar og ditto kjerringar. Med dagens idolisering av rynkefri ungdom er alderdomsgrensa langt lågare. På den andre sida har det vorte så å seia sosialt tabu å bruka adjektivet "gammel". Me over 60 er i verste fall eldre, stadig oftare seniorar eller berre nøytrale pensjonistar. Gamleheimar høyrer gamle dagar til; no heiter det aldersheimar, eldreinstitusjonar og seniorhusvære. Slik pyntar det sosialdemokratiske samfunnet på det som er livsens lov: Den unge skal òg verta gammal ein gong – om han og ho får leva.

Ei roynsle som ein må gjera sjølv, er at aldringa artar seg heilt annleis enn ein innbiller seg i ungdomens vår. Sjølv hadde eg aldri tenkt at eg skulle få lov å kjenna meg så forviten på livet som 70-åring, så glad over å kjenna at livskreftene framleis kan utfalda seg, så takksam for alt eg får

oppleva og engasjera meg i. For ikkje så altfor mange år sidan var kona mi og eg på biltur gjennom Tyskland. Me overnatta stort sett på Jugendherbergen. Men i Bayern vart det annleis. Aldersgrensa var 26. Eg visste det, men prøvde meg likevel. Eg bad kona venta i bilen utanfor. Men vakta i skranken sa ganske spydig: "Na, und Sie sind wirklich 26?" Eg slo tilbake med ein spas og korrigererte alderen til 29. Spasen fall sjølv sagt på steingrunn: "Ach so! Also nicht 26." Av den fadesen lærte eg at det er ikkje alt ein skal skjemma med. I allfall ikkje i Bayern.

Visst treng me røter og ein stad å høyra til. Men sanneleg treng me òg å koma oss utom dørstokken, få litt luft under vengene, litt høgare puls – for tida er all. Det går ei rispe om sognaguten som klaga si naud over kor trangt det var på garden heime: "Da va so laogt unde`take` at me kunde `kje eta ant` helde flatbrød og flùndra." Trangt kan det verta på anna vis òg. Då er det grunn og tid for utferd. I Tennysons poetiske ordelag bed helten Odyssevs mannskapet sitt om å dra kvast på årane: "For min plan står fast, å segla vest om solefallet..."

Heimsleg på Island

Så langt har ikkje eg segla enno. Men tre gonger har eg foke i vesterveg, til Island. Når ein er farfugl og flakkefær der borte, får ein denne opplevinga av rom og ljós og luft som fjernar alt gruff mykje betre enn Ali kaffe. Ikkje eingong oska frå eldberget under Eyjafjallajökull kan hindra det. Ho blæs helst til havs mot Europa. I dei opne landskapa kan ein kjenna velværet langt inn i sjela. Og så islendingane då – dette opne, venesæle, byrge og uredde folkeferdet som trassar både naturkrefter og fiskande konkurrentar som trør dei for nære. Men tru slett ikkje at litt amper ordbruk er uttrykk for fiendskap. Då eg ein gong sa meg lei for at nærskyldte nordmenn

og islendingar kunne barka i hop slik, drog islendingen på akslene og sa med eit smil: „Gleym ekki, við erum sama fólkið." Ein skal heller ikkje prata lenge med ein islending før hopehavet kjennest heimsleg og nært. Og så har dei denne underfundige, tvíbotna ordbruken. Den fyrste gongen eg var på sagaøya, sa ein til meg: "Þú talar sem Snorri." På den andre turen fekk eg høyra at eg hadde tonefall frå Austfjordane. Siste gongen eg var der, var spørsmålet: "Hvar hefur þú lært íslenzku?" Ros eller ris – det er spørsmålet. Av islendingane har me også mykje å læra når det gjeld å vera stolte av og vörðsla om morsmålet. Dei har ei makelaus evne til å byggja på eige ordtilfang når framandord skal omsetjast. Kvifor det tungvinte Meteorologisk Institutt når det kan kallast *veðurstofa* (vêrstove)? Kvifor pornografi når ein kan seia *sorprít* (skitblad) Og kvifor det tanketomme OK når ein kan svara med: *Allt í lagi!*

Ei spansk senora

Så har eg òg røynt kor forunderleg strengene inne i oss tek til å tona samstemt når situasjonen innbyr til det. Ein gong skjedde det i ein westamaran ute på Finskebukta. I det grunne farvatnet gjekk sjøen temmeleg grov. Båten var stappfull av turistar, og svært mange vart sjøsjuke. Mannskapet sprang rundt med spyposar til folk som gaus or seg. Ei spansk senora andsynes meg fylte fyrst to posar og spurde så om ho kunne få min òg. Det fekk ho sjølv sagt. Vossingar er sjøsterke, som de veit. Det *ho* ikkje visste før eg fortalde henne det, var at eg brukte det kjende knepet med å nynna og sulla på ein melodi for å roa kroppsspenningsane. Der og då var songen Bjørnsons "Herre, ta i din sterke hånd barnet som leker ved stranden." Den kunne nok ikkje spanskefrua, men ho var kunnig i det franske, så då eg slo

Framhald side 32

Vangsgutane - eit 70-årsjubileum



Tekst: Anders Hauge

Vi var ikkje nett bortskjemde med mange og dyre julegåver i min barndom. Men ein ting var det stort sett semje om i dei tusen heimar: Julehefte måtte vi ha. Det vart ikkje skikkeleg jul utan. Julehefte var så mangt. Det var alt frå "Jul i bygda" og "Bondens jul" til "Sjømannsjul", "Bud og hilsen" og "Misjonsvennens jul".

Det som vi ungane rekna for "julehefte", var eigentleg ikkje julehefte i det heile, men teikne- seriehefte av ymse kaliber og kvalitet som kom like sikkert som desember.

Dei mest populære var "Knoll og Tott", "91 Stomperud", "Fiinbeck og Fia", "Nils og Blåmann" og "Brumle", for berre å nemna nokre av dei eldste. Etter kvart kom det jo ein heil flora med hefte for ein kvar smak og pengepung.

Så godt som ingen av hefta var på nynorsk.

"Knoll og Tott gjorde berre det som var gale, og var dårlege føredøme!"

Hans Aarnes som gav ut **Nynorsk Vekeblad** arbeidde med å skaffa fram eit godt, nynorsk alternativ til dei seriane som alt fanst.

I 1939 vende han seg til læraren og forfattaren **Leif Halse** med følgjande oppdrag:

"Lag ein norsk og byggjande teikneserie om snille og hjelpsame gutar som berre gjer det som er rett. Gutar som er til hjelp i heimen og på garden og som kan vera eit førebilete for alle norske born".

Leif Halse hadde prøvd seg med ein serie som han kalla "**Snorre Snar-**



LEIF HALSE: *Flagg
over Vangen.*
FONNA FORLAG

tenkt", men den fant ikkje nåde hos bladstyraren. Så kom "**Vangsgutane**", ein moralsk variant av Knoll og Tott, som kom ut alt 1911.

Serien er på mange måtar ein sjølvbiografi frå forfattaren sin oppvekst i **Todalen** på Nordmøre tidleg på 1900-talet, men samstundes som mykje høyrer til den gamle verda, er der ei utvikling mot meir moderne tider og innslag etter som serien skrid fram.

Vangsgutane tok til som serie i

Nynorsk Vekeblad i 1940, og alt i 1941 kom det første "juleheftet". Seriehefta er på nynorsk, har seks bilde på kvar bladsida, og under kvart bilde er det fem linjer med tekst. Den kjende teiknaren **Jens R. Nilssen** illustrerte serien heilt fram til 1957, og for "kjennar-ane" er der ingen over og ingen ved sida av Jens R. Seinare er det seks andre som har illustrert serie

Originalteikningane til Jens R. Nilssen er i svart-kvitt. Seinare vart

det fire fargars trykk, før det vart full fargeleggjing.

Serien vart straks umåteleg omtykt på bygdene, mens den var lite kjent i byane.

I 1945 kom boka ”**Flagg over Vangen**”, som er ei rein tekstbok.

I 1973 kom dessutan serien i bokform både på nynorsk og bokmål, med ei side tekst og mot- ståande side med teikningar.

Det lukkast framleis dårleg å erobra bokmålsmarknaden.

Siste originalskrivne heftet kom i 1981, teikna av **John Thoresen**.

Sidan 1983 er det berre kome opptrykk av tidlegare hefte.

Vangsgutane kom heile tida ut på **Fonna Forlag**.

PERSONAR OG MILJØ

Hovudpersonane i serien, dei to gutane frå Vangen, heiter **Steinar** og **Kåre**.

Steinar er tolv år og heller veslevaksen, og ofte får vi ei kjensle av at han må vera mykje eldre. Kåre, derimot, er ti, og verkar til tider nokså truskyldig, som og alderen skulle tilseia.

Mor deira heiter **Sigrid** og er ei ferm og snill bondekone.

Hans, faren, fekk eit tre over seg i tømmerkogen, og trass i heltemodig innsats frå gutane, stod ikkje livet hans til å redda. Frå den tid må dei overta mykje av ansvaret og arbeidet på småbruket saman med mora. Hest har dei ikkje, men den råsterke og godlynte oxen **Peik** er fullgod erstatning – minst.

Gjennom skildringa av strevet på bruket viser Vangsgutane kva dei duger til, og slik kjem også den klare moralen i serien fram: Med ærleg og iherdig arbeid og sømeleg framferd går det deg bra i livet.

Likeins går det dårleg med den som fuskar og sluntrar unna.

Larris er Vangsgutane sitt motstykke.

På mange måtar er han ein klovn og ei ugagnskråke, full av toskne påfunn. Til tider er han likevel med i flokken på like vilkår, men då er han ofte utsett for uhell og lått.

I ”Flagg over Vangen” møter vi ein annan og mørkare Larris. Der er han den brutale psyko- paten som er direkte farleg.

Kameraten til Larris heiter **Klure**, og namnet karakteriserer seg sjølv.

Larris er son hans **Martin Skjørhagen**, og husmannsplassen dei bur på er ikkje av fjelgaste slaget. Martin er ein kjeltring som ikkje held seg for god korkje til tjuveri eller annan fanta- skap, og både han og bikkja, **Troll**, er vondsinna.

Sterk-Ola Bakken er den gode hjelparen til Vangsgutane, og han må dei venda seg til både tidt og ofte. Når Sterk-Ola trør til med kjempekraftene sine, blir det alltid ei løysing.

Moster Ane er ei mild, vakker og vennleg tante som stadig er på besøk på Vangen.

Vi går og ventar på at det skal bli eit par av henne og Sterk-Ola, men **Halse** er heller lite raus med romantikk i serien. Den vene **Gullbjørg** er rett nok utsett for Larris si evigvarande forel- sking, men ho ser berre Steinar.

Hallstein Breistein er kaksen i grenda, men i motsetnad til kaksar andre stader, er han både snill og hjelpsam.

Ein artig figur som dukka opp i ein del hefte, var **Tarald Turist**. Han var ein stutt, lyslugga bykar i stortutete sportsdress som dreiv ”turisme” i ei tid då det begynte å bli aktuelt på bygdene. Tarald var ofte ”uheldig”, og var eit skikkeleg komisk innslag.

Det går elles igjen ei svart-kvit skildring av personane i serien. Dei ”snille” er berre kjekke og pålitande, og dei ”slemme” er stort sett berre det. Faktisk er det berre karakteren Larris som ikkje er eindimensjonal.

Det er eit artig poeng at også dyra i serien deler lynne med eigarane sine. Vangsgutane går føre seg i eit gammalt **bonde/bygdemiljø**. Det er **teiknaren** som på mange måtar står for miljøskildringa, og der er han skikkeleg gam- maldags. Husa er mest utan unntak låge tømmerhus med gras på taket og smårutete vindauge.

Klesdrakta til dei vaksne er gammalmodig og avleggs. Kvinnene har side stakkar, trøyer og halstørkle, og karane går i vadmél.

Gardsdrifta er basert på sjølvberging, og her er lite av moderne reiskap. Det er heller ikkje siste skrik på gardane å bruka ein okse som trekkdyr.

På andre sida er det slike drag som gjer ein serie spesiell, som skaper sjarme og leselyst.

Når kritikarane kalla serien for sidrumpa og Vangsgutane for prektige ut over all realisme, hadde dei nok et poeng i det. Det er mykje å setja fingeren på, mykje å kritisera.

Det er likevel ikkje utan grunn at ein nynorskserie frå Todalen er blitt ein **klassikar** i norsk teikneseriekunst. Etter mitt syn er det fordi serien i all si prektigheit har noko ekte og jordnært over seg.

Her er ein veldig sjarme i samspelet mellom tekstar og teikningar. Og ikkje minst – for oss som har vakse opp på bygdene, har det vore råd å kjenna seg att, det har vore råd å le av det komiske og det gammalmodige, og det har vore råd å grøssa over det farlege eller det uhyggjelege.

Kva meir kan ein forlanga av ein traust landsens teikneserie?

Kjelder:
Bøker, hefte
Wikipedia,
Kvasir

Når det siste lauvet fell



*Tekst: Camilla
Økland Olsen,
klasse 1c,
Os gymnas*

Koyo listar seg inn på rommet til Sakura. I hendene ber han eit brett med to koppar te og ein bolle med ris. Han knelar ved bordet som står midt i rommet og set brettet forsiktig frå seg. Blikket hans vender seg mot senga til Sakura. Koyo klarar så vidt å skimte ein liten jenteskapan under haugen av dyner og pledd. Lange mørke lokkar strekkjer seg frå toppen av det vesle jentehovudet og kviler på puta. Dynehaugen går opp og ned i takt med den tunge pusten hennar. Koyo ser tilbake til brettet og strekkjer handa ut mot ein av tekoppene. Den varme teen strøymar inn i munnen hans og ned i halsen. Koyo byrjar å hoste. Han pressar munnen inn mot olbogekroken for å kvele lyden og ser fort bort på senga til Sakura igjen. Dynehaugen beveger seg, og plutseleg får Koyo auge på to par mørke, smale auge som ser spørjande på han.

- God morgon, Sakura, seier han og smiler.

Sakura strekkjer seg og gjespar. Ho svingar to små, bleike bein ut frå senga og plasserer dei på det kalde golvet.

- Kvar er tøflane mine? spør ho.

Koyo reiser seg fort opp og går ut av rommet. Han kjem tilbake med eit par store, rosa klumpar, som skal forestille tøflar, i hendene. Han set seg på huk framfor Sakura og hjelper

ho med å ta dei på.

- Takk, mumlar ho før ho går bort og set seg ved det vesle bordet. Koyo set seg ved sida av henne og plasserer bollen med ris framfor ho.

- Sjå å få i deg litt mat, så orkar du kanskje å finne på noko seinare i dag. Sakura nikkar med blikket festa på bollen.

- Itadakimasu, seier ho lågt før ho hiv innpå med ris og svart te.

Koyo blir overraska over matlysta hennar. Ho har ikkje ete skikkelig på fleire dagar. Kiloa har rast av ho, og ein kan nesten skimte kvart einaste bein på den vesle kroppen. Koyo bit tennene saman når han ser på dei tynne, bleike hendene som held slapt rundt tekoppen.

- Kva er det? spør Sakura.

Koyo rister på hovudet.

- Nei det er ingenting, vil du ha meir? spør han og peiker på den tomme bollen.

Sakura nikkar.

- Ja, takk, svarar ho.

Koyo smiler og går ut på kjøkkenet. Han kjem tilbake med ein ny bolle med ris som han set framfor veslesystema.

- Itadakimasu, seier Sakura igjen og byrjar å ete.

- Sjå Koyo, sjå! Sakura roper og peiker opp i lufta. Koyo løftar på hovudet og ser på havet av blad over seg. Trea frå vegkanten strekkjer greinene sine over han og dannar eit tak av raude og oransje blad. Solstrålar siv inn mellom greinene og kiler han i ansiktet. Koyo lukkar augo og pustar inn den friske haustlufta. Han ser ned på systema si som ser opp på trea med store auge.

- Sjå kor fint det er, Koyo! Sakura hoppar opp og ned, som om ho prøver å få tak i eit av dei tusen blada

over dei.

- Skal eg plukke eit ned til deg? spør Koyo. Sakura ser på han.

- Når du det? spør ho og peiker.

- Eg veit ikkje om eg når akkurat det, men eg kan vel bare plukke eit anna, dei er jo like?

Sakura ristar på hovudet.

- Nei, eg vil ha akkurat det der! seier ho og trampar i bakken.

Koyo ler. Han tar tak i systema og løftar ho opp mot greinene. Sakura ler ein trillande latter og strekkjer handa ut mot bladet.

- Eg har det! ropar ho.

Koyo slepp ho ned i armane sine. Sakura puttar bladet i jakkelomma.

Ho gjespar og lukkar dei mørke, blanke augo. Ho kviler det rosa kinnet mot skuldra hans. Koyo gøymer ansiktet i det mørke håret hennar. Når hausten er over. Det var det legen hadde sagt. Koyo kjenner noko vått renne sakte nedover kinnet sitt og ein veksande klump i halsen. Han bit tennene saman for ikkje å gråte. Sakura legg armen sin rundt han.

- Eg er så trøtt, kviskrar ho.

- Eg veit. Skal vi gå heim no? spør Koyo med gråtkvalt stemme. Han krentar.

- Men då må du love meg at vi går tilbake hit i morgon, seier Sakura. Ho løftar på hovudet og ser på han med eit trøtt blick.

- Om du er frisk nok til det, svarar Koyo. Sakura rister på hovudet.

- Nei, eg vil ut hit i morgon også, uansett!

Koyo sukker og byrjar å gå bortover vegen. Det knakar i greinene når eit vindpust treffer dei. Eit par raude blad svevar ned mot bakken for dei landar lett på den kalde grusen. Sakura sit på ein krakk framfor spegelen på badet. Bak ho står Koyo

og kjemmer det lange håret hennar. I hendene held ho bladet ho plukka tidlegare på dagen.

- Kva skal du med det, eigentleg? undrar Koyo.

- Eg skal ha det som eit minne, svarar Sakura.

- Eit minne om kva då?

- Om dagen i dag, dagen i dag var nemleg mykje finare enn dei andre dagane eg har hatt i det siste. Sakura snur og vender på det raude bladet. Koyo smiler.

- Trur du dagen i morgon blir like fin då? spør han.

Sakura nikkar.

- I morgon blir fin uansett, om eg så blir mykje dårlegare i morgon, så vil den bli kjempfin, svarar ho og snur seg mot han. Ho smiler lurt og ser på han med dei mørke augo sine.

- For i morgon er din dag, seier ho og gir Koyo ein klem.

- Veit du kor gammal eg blir då? spør Koyo.

Sakura klør seg i hovudet. Det gjør ho alltid når ho tenkjer.

- Du blir sytten, du er ti år eldre enn meg du, din gamling! seier Sakura og ler. Koyo nikkar og ler han også. Sakura snur seg tilbake mot spegelen igjen. Ho plukkar opp bladet frå golvet og byrjar å snu og vende på det igjen.

- Du veit, desse blada minner meg veldig om deg, Koyo. Dei har jo same namn som deg, og så har du bursdag på hausten. Det er derfor eg likar dei så godt. Eg skal plukke mange blad som dette, sånn at eg aldri kjem til å gløyme deg.

- Gløyme meg? Kvifor skulle du gløyme meg? spør Koyo og ler.

- Sidan du er heile ti år eldre enn meg så vil du jo bli borte før meg også, svarar Sakura. Koyo misser kammen på golvet. Han bøyer hovudet og gøymer det i hendene sine. Han kjenner tårene presse på bak augelokka.

- Kva er det Koyo? Sakura snur seg mot storebroren og legg armane rundt han.

- Det er ingenting, eg er bare veldig trøtt, seier han og snufsar.

- Er du blitt forkjøla også? Har eg

smitta deg? Sakura slepp taket rundt han og trekkjer seg bort.

Koyo rister på hovudet og smiler.

- Nei da, du har ikkje smitta meg.

Kom hit. Koyo trekker Sakura til seg igjen og held ho tett inntil seg.

Han reiser seg opp og tar tak i handa hennar. Dei tynne fingrane held slapt rundt den rue handa hans. Han følgjer Sakura inn på rommet hennar og legg ho i senga.

- God natt. Sakura, seier Koyo og kyssar henne på panna. Han rister puta hennar og legg dyna godt rundt ho.

- God natt. Koyo, seier Sakura og snur seg inn mot veggen. Ho er sovna før Koyo rekk å slå av lysset.

- Gratulerer med dagen, Onii-chan! Koyo har knapt opna augo før Sakura kjem inn på rommet hans med eit stort brett i hendene. Koyo set seg opp i senga og gnir seg i augo. Sakura plasserer brettet på bordet og set seg ned på kne.

- Kom og et! seier Sakura og vinkar han til seg.

Koyo kjem seg opp av senga, tuslar bort til bordet og set seg ned. Sakura plasserer bollen med ris og ein tekopp framfor han. Koyo ser på ho og smiler.

- Tusen takk, Sakura.

- Eg har laga det heilt sjølv! seier Sakura stolt. Koyo smiler og ser ned på bollen.

- Itadakimasu, seier han og puttar den tørre risen i munnen. Han tar ein slurk av den altfor sterke teen som han må tvinge seg til å svelgje. Sakura stirer på han med forventningsfulle auge.

- Likte du det? spør ho.

- Ja, lyg Koyo og smiler. Sakura snur seg mot brettet og fiskar opp eit ark.

- Eg har laga denne til deg også, seier ho og rekkjer han arket. Koyo tar i mot det og ser på det. Det er ei teikning av ein høg gut og ei lita jente som held hender. Begge står under kvar sitt tre. Guten står under eit stort tre dekkja av raude blad, og jenta står under eit tre med lyserosa kirsebærblomar. Koyo smiler og kjenner at det er nesten rett før han byrjar å gråte.

- Tusen takk, Sakura, den er kjempfin, seier han og strekkjer fram armen for å gi ho ein klem.

- Eg må kjøpe ramme til den så vi kan henge den opp.

- Vi kan gå i dag, eg føler meg mykje betre!

Koyo ser bort på systera med eit mistenksamt blick.

- Er du sikker på at du føler deg betre? Du hosta fælt i natt, seier han.

Sakura blir enda raudare i kinna.

- Men vi kan vel ta ein liten tur på butikken, eg er ikkje så veldig dårleg, seier ho.

Koyo bit seg i underleppa.

- Vi får sjå utover dagen. Vil du hente meir ris til meg?

Koyo og Sakura er på veg heim frå butikken. Dei går same veg som dagen før. Over dei raslar det i blada. Sakura held seg på magen. Ho har plutseleg blitt fryktleg kvalm og dårleg. Kinna hennar er heilt raude, og ansiktet er kokvarmt. Koyo tar eit godt tak i handa hennar.

- Eg kan bere deg om du vil, seier Koyo, men Sakura rister på hovudet. Koyo bryr seg ikkje og løftar opp den vesle jenta. Sakura lukkar augo med ein gong og legg ansiktet mot halsen til broren.

- Sjå Sakura, blada held på å falle av, seier Koyo og dultar borti ho. Sakura løfter hovudet langsamt opp.

- Kvifor fell dei av allereie? undrar ho.

- Du veit jo at det snart er vinter, svarar Koyo

Sakura stirer på blada som ligg på bakken. Ho strekkjer ut handa for å prøve å fange eit som svevar over dei. Det landar midt i handa hennar.

- Sjå, Koyo, eg fekk det! ler ho. Ho puttar bladet i lomma og legg seg på skuldra til Koyo igjen.

- Eg er så frykteleg trøtt Koyo.

Kanskje det ikkje var ein så god ide å gå ut i dag, seier Sakura. Den kalde vinden riv i håret hennar og gjør kinna hennar enda raudare.

- Det er ikkje lenge til Shichi-gosan festivalen, seier Sakura. Ho og Koyo sit i stova og les i kvar si bok. Koyo sit med nasen i boka og seier ingenting.

- Eg gler meg til å gå med kimonoen min. Ho ser på Koyo som ikkje flyttar blikket frå sidene.

- Det er seint, du må legge deg nå, seier Koyo. Sakura reiser seg opp frå sofaen og tuslar inn på rommet utan å protestere, men kjem tilbake etter ei lita stund.

- Skal du ikkje bre dyna over meg eller seie god natt?

Koyo reiser seg og går bort til ho.

- Sjølvsaugt skal eg det, svarar han.

Han løftar ho opp og legg ho i senga.

- Eg kjem til å bli frisk, Koyo, etter Shichi-go-san festivalen, seier Sakura lågt.

- Eg kjem til å bli frisk etter festivalen, og eg skal ha mange fine dagar saman med deg, seier ho igjen, litt høgare denne gongen.

- Du må sove nå, kviskrar Koyo. Han breier dyna over ho og kysser ho på panna. Sakura har sovna før han får sløkt lyset. Han går ut i gangen. Kroppen hans kjennest tyngre ut enn nokon gong, og beina sviktar under han. Han pressar panna mot det kalde golvet og kjenner tårene strøyme nedover kinna sine. Han klarar ikkje

halde det inne lenger. Han hikstar og hulkar, heilt til han mister pusten. Hovudet verker, og det svir i halsen. Han trekkjer beina opp under seg. Slik ligg han i ei god stund. Då han opnar augo, står Sakura framfor han med tårefylte auge.

- Eg blir vel ikkje frisk, eller kva? Sakura sit i enden av sofaen. Ho kviler hovudet på knea og stirer rett framfor seg. Koyo tørkar augo og snufsar. Han set seg ved sida av ho og legg armen rundt ho. Sakura skjelv og Koyo held ho tettare inntil seg. Ingen av dei seier noko meir. Dei treng ikkje det. Begge to veit svaret.

Dagane går og Sakura blir dårlegare og dårlegare. No orkar ho ikkje ein gong å gå ut av senga. Utanfor held trea på å miste blada sine. Hausten er snart over, og vinteren er på veg.

Koyo sit på sengekanten til Sakura. Han held den beinete handa hennar i si eiga. Det lange mørke håret ligg livlaust rundt det bleike ansiktet. Ho er mørk rundt augo og pusten er tung. - Eg har så vondt Koyo. Over heile

meg, kviskrar ho. Koyo svelgjer.

- Eg veit det. Bare sov, så blir det betre når du vaknar, det er så vidt han høyrer si eiga stemme. Han kremtar og stryk handa over panna til veslesystera.

- God natt, Onii-chan, kviskrar ho før ho lukker augo. Koyo klemmer handa hennar og går bort til vindauget. Himmelen er grå, og regner pøsar ned. Trea har nesten mista alle blada sine.

- God natt, Sakura, kviskrar Koyo, når det siste lauvet fell.

Ordforklaringar:

Itadakimasu - Blir sagt før ein et måltid i Japan.

Shichi-go-san – Japansk festival

Onii-chan – Storebror

Koyo – Raude blad

Sakura - Kirsebærblome

Framhald frå side 27

Lause blad frå ei lektoral minnebok

over på ”Sur le pont d’Avignon on y danse, on y danse”, vart det ein litt haltande duett bortetter bølgetoppene. Jammen kom ho seg av mageverken òg, ja i den grad at ho enda opp med å kurtisera meg med at Noreg var eit vakrare land enn Sverige og Finland til saman. Det var ei bleiknebbba og kyrkjestill forsamling som krak seg ned gangwayen i Tallinn, men vår spanske senora kvitra kvikt til alle sider – mest som ho framleis trippa over brua i Avignon.

Dei gode stundene – før og no

Det er i grunnen rart kva ein minnest, og kva som styrer slettfunksjonen på harddisken oppe i skallen. Meir enn ein gong har eg tenkt kor visleg det var at Gud skapte oss med betre minne

for det gode enn det som gjorde vondt. Til dømes var det jo alltid godt vêr då me var småborn. I alle fall sommardagen. Når eg har vore med på jubileumsfestar for tidlegare elevar på Os gymnas, har det slått meg at det er heilt andre ting enn fagleg kunnskap som sit klårast i minnet. Og sanneleg trur eg ikkje at det er ei sams oppleving av løgne episodar som sit aller best. Igjen dette med det gode møtet som skaper ein naturleg eufori dei tilstadesverande imellom. Og no hadde eg altså allereie gløymt at eg denne gongen skulle skyggja unna livet i klasserommet.

Men sjølv om korttidsminnet mitt ikkje er som i gamle dagar, kjem eg nok til å hugsa den utruleg stabile, kalde, snørike og vakre

vinteren dette året. I skiløypene trefte eg mange eldre/seniorar/pensjonistar som slett ikkje såg gamle ut, og som var glade for ein godprat med rim i skjegget, hjå dei som hadde det. Skjegglausingar og damer laut dra skjerfet over haka. Og alle sa: ”Eg kan ikkje hugsa at ...” Når ein slik, dag etter dag, kan spennast på seg skiene på tunet og gå kveikjande turar i openberringar av vinterleg venleik på snømjuke marker og tilfrosne vatn, like opp til Raudlia og heim att, då er det godt å leva. Etterpå kan ein gjera som Olav H. Hauge i diktet ”Kvardag”, steikja flesk og lesa poesi, om ikkje kinesisk, så - og ikkje minst - av Olav H. Hauge. For ”det gjeng an å leva i kvardagen òg”. Og så lenge helsa held, er *allt i lagi*. Alle dagar kan ikkje vera maks. Men, som me seier på Voss: ”Da staor inkje pao, so lengje ein kan laota idla.”

Helsing til Josef



Josef – du rettvisе mann!
I von og lengt
talde du tolsamt dagar
til du kunne ta mōya
til ditt hus, ditt bord, di seng.

Men ein dag vert solskir himmel skum.
Di unge brud er med barn.
Ho – som du ikkje har vore nær.
Ho – som du har trått etter i ære og age.
For du var ein rettvis mann.

Du kunne stōytt henne bort.
Retten var din.
Men du tenkte mildt:
skiljast stilt
- for hennar skuld.

Då lyder ord frå englemunn:
Gud har underfullt gjesta Maria.
Ta mōya til ditt hus, ditt bord, di seng!
Kall barnet ho ber Jesjua.
For alt folket skal han berga.

Så kom Maria til ditt hus, ditt bord, di seng.
Eg veit du fekk henne kjær.
Og du kalla guten Jesjua.
Eg veit du vart ein god far.



Lars Hernes

Målpris til Kjetil Vasby Bruarøy



Mari Lyssand og Marie Hauge i Os Mållag saman med målprisvinnaren Kjetil.

Om prismottakaren skriv mållaget:

«Kjetil Vasby Bruarøy skriv eit levande og moderne nynorsk. Han viser at nynorsk fungerer utmerkt som nettspråk, uansett tema. Prisvinnaren har ein stor lesarskare i alle aldrar, og er spesielt flink til å dekkja saker og arrangement som interesserer born og unge. Slik har han gjort midtsiden.no til ein nettstad der både «nye og gamle» osingar naturleg møter nynorsk som bruks- og pressespråk.»

- Det er nokre år sidan sist vi delte ut målpris. Bruarøy har vore i tankane ei stund og sidan Os mållag i år fyller 90 år fann vi ut at det var passande å dela ut målprisen no, seier Marie Hauge.

Kjelde: Midtsiden.no

Foto: Andris Hamre



Gåva var ein karikatur av den blide redaktøren, teikna av Morten Holmefjord.

Foto: Andris Hamre

Bredo

Som på ei strand ved uthavs mørke djup,
der Ran hiv garn som fangar inn dei fleste,
der døtrer ni ris opp med klørne kveste,
der skavlar kliv mot våfuglar i stup –

Som på ei strand mot avdags ytste hav,
der mødde føter leitar etter feste,
der eine faret øyrest ned av neste,
der ville vindar føykjer alt i kav –

Dit, på mi ytste strand i dørke kveld,
i trassig tru mot illskaps flekte tenner
ber eg min kyndel fram og kveikjer eld.

Han logar klårt og djervt når mest det gjeld.
Eg kjenner sterkt ny kraft i mine lender,
her på mi strand, med himmelen til tjeld.

Lars Hernes



Bli abonnent du òg!

Her finn du
SISTE NYTT
om det som hender
i heimbygda di!

OS FUSA POSTEN

Postboks 273 – 5203 Os
☎ 56 30 29 50 – Faks 56 30 24 77
E-post: post@osogfusa.no
www.osogfusa.no

Os-elvarar i sølv og gull

Fin gave for Osingar.
Vert laga som pin,
smykke, slipsnål og
mansjettknapp.

Sølv

Liten pin 175.-
Stor pin 275.-
Lite smykke 175.-
Slipsnål 450.-
Mansjett-
knappar p.p 695.-



Gull

Liten pin 950.-
Stor pin 1955.-
Lite smykke 990.-

Gullsmått
Eide

Liten gull-øselver
På sølv-slipsnål,
som på bildet øverst
Kr. 1290.-

Torggata 6 i OS sentrum 56 300484 – Amtsenetere i Flåten 56 300277

OS BÅTHOTELL

Innelagring av båter
opp til 22 fot

Tlf. 411 42 573

www.osbaathotell.no
Terje Lunde

BESTILL DIN REISE HOS

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ A/S

POSTBOKS 274 - 5203 OS

TELEFON: 56 30 43 00

E-POST: os@travelnet.no

www.verden.no

A SÆLEN MØBLER

5212 SØFTELAND
TLF: 56 30 24 00

Din totalleverandør av finansielle tenester

Nordea

os@nordea.no





Din lokale bank - banken som kjenner deg

www.dnbnor.no


DnBNOR



**Varme- & Bad-butikken din på Os
Engevik Rørleggerservice.**

Landboden, 5200 OS
Tlf. 56 57 60 90 - Fax 56 57 60 91
Mobil 90 78 68 98

VARME



Vi tilbyr alle tenester innanfor røyrleggjarfaget, som:

*Off. Vass- og kloakkanlegg • Varmeanlegg • Sanitæranlegg
Leverer og installerer varmpumper*

*Rehabilitering av sanitær- og varmeanlegg
Tilstandskontroll av sanitær- og varmeanlegg*

Servicearbeid på tekniske anlegg

Tv-inspeksjon av røyr og kanaler

Lokalisering av røyr og kablar

Utleige av minigravar



SAMDAL AS

vvs - Inspeksjonstjeneste

POSTBOKS 226, 5201 OS

TELEFON: 56 30 15 83 • FAX: 56 30 12 50



APOTEK1 OS

Postboks 94 - 5202 OS

Åpningstider:

kvardagar frå 09.00 til 18.00

laurdag frå 09.00 til 15.00.

Os Ungdomslag skipa 1890



Steindalsætra

Eit fint turmål både for eldre og yngre.
Foreiningar, lag og skuleklassar kan leige sætra.

Os Folkedanslag

Tlf. 922 07 884

Byggrenhold Vest

Stegen 2, 5200 Os

Telefon: 56 30 67 60 Fax: 56 30 67 61

*Glad i
målet ditt?*

Gje grasrotandelen
din til
Os mållag.



Bohus

Telefon: 56 30 34 10

Klær for heile familien



CUBUS

Tlf 56 30 23 80

**Vi støttar det lokale
kulturmiljøet!**

*Hjå oss får du alt du treng av bøker, faglitteratur
og data, papir og rekvisita.*

Vi har òg mange godbitar frå ditt lokale miljø!

Osøyro;libris

5200 Os
Tlf: 56 30 04 30 | osoyro@libris.no
www.libris.no/osoyro

OS MÅLLAG

SKIPÅ 1920
Styret Os Mållag
Marie Hauge (leiar)
Eldbjørg Kræmmer
Mari Lyssand
Nils Olav Næss
Ole Jacob Abraham
Målfrid Tveit Vaage

Velkomen som medlem!

Ta kontakt med eit av styremedlemene.



FARGERIKE®

Norges ledende farge- og interiørkjede

A.S OS FARGEHANDEL INTERIØREN

Steinneset - 5200 Os
Telefon: 56 30 03 80 - Telefax: 56 30 14 72

Kvalitet!

- VERKTØY -
- MASKINER -
- REDSKAP -
for
HUS OG HAGE



JERNIA

P. M. SÆLEN & CO. AS

Tlf. 56 30 44 90 - 5201 OS



ALUTEC

STILLASPRODUSENT

JAMAX®

STILLASSYSTEMER

www.alutec.no

Tlf. 56 30 41 00